

# Årsrapport 2010

## Stavanger bispedømme

*I Kristus, nær livet*



## Innhald:

Innhald:.....	2
Del 1. Situasjonen i Stavanger bispedømme – ein tilstandsrapport.....	3
1.1 Tilstandsvurdering.....	3
Kyrkjelydsutvikling – tendensar .....	3
Pilegrimssatsing.....	4
Organisasjonsliv i oppbrudd og fornying.....	5
Samtalar med Carissimi-gruppa.....	7
Arbeid med ressursfordeling .....	8
Utvikling av Strategi for Stavanger bispedømme 2011 – 2014.....	8
2.1 Demokratireforma.....	10
2.2 Trusopplæringsreforma .....	13
2.3 Lokalt forsøks- og utviklingsarbeid.....	19
2.4 Diakoni .....	21
2.5 Kyrkjemusikk og kultur .....	26
2.6 Gudstenesteliv .....	27
2.7 Misjon og økumenikk.....	40
2.8 Medarbeidarskap .....	42
Del 3. Presteskapet .....	42
3.1 Hovudmålsetjing.....	42
3.3 Stimulering av prestane .....	46
3.4 Kvinner i prestenesta.....	48
3.5 Arbeidsvilkår .....	50
3.6 Leiing og samvirke.....	51
Del 4. Forvaltning .....	54
Del 5. Sluttord: Med plog i god jord.....	62
Del 6. Vedlegg.....	63

# Del 1. Situasjonen i Stavanger bispedømme – ein tilstandsrapport

## 1.1 Tilstandsvurdering

### Kyrkjelydsutvikling – tendensar

Det skjer endringar i utviklinga i mange kyrkjelydar i Rogaland. I 2010 forordna Stavanger biskop ca 600 gudstenester der menneske samlast til gudsteneste utan at dei har eit vigsla gudshus å gå til. Det er langt feire slike gudstenester rundt om i bispedømmet, men sjølv forordninga må avgrensast av omsyn til kor mykje offentleg presteressurs bispedømmet kan nytte til å gjennomføre desse.



*Altarpartiet i Nærbø kyrkje*

Mange stadar skjer ny kyrkjelydsutvikling gjennom å byggje opp mindre celler for kvardagsfellesskap og til tenesteoppgåver, og ved å invitere til gudstenestefellesskap i nærmiljøet på bydelshus, på skular og i idrettsanlegg. Sokneråd og fellesråd tilset eigne kyrkjelydsprestar for innsamla midlar. Nokre av stillingane er og løna gjennom samarbeid mellom sokneråd, fellesråd og bispedømmeråd. Det er f.t. ca.25 slike stillingar i bispedømmet.

Den knoppskytinga som no skjer mange stadar i bispedømmet, er ein vesentleg grunn til at gudstenestedeltakinga held seg stabil i Stavanger bispedømme i motsetnad til mange andre stader. Knoppskyting verkar og jamt over motiverande på mor-kyrkjelyden.

Eit særtrekk ved knoppskytinga er at svært mange frivillige engasjerer seg i ulike tenesteoppgåver og tek eit økonomisk ansvar lagt ut over det som er normalt i Dnk. Gudstenestelivet på desse nye samlingsstadane kan gjerne engasjere både 20, 30 og 40

frivillige medarbeidarar i å førebu, leggje til rette og gjennomføre gudstenestene. Slikt engasjement smittar og gjev oppdrift til verksemda. Men vi ser samstundes at desse nye knoppskytingane og kan gje stor slitasje over tid på dei som er mest aktive.

Uttrykksformene i desse ny kyrkjelydsplantingane kan fleire stadar minna om dei vi finn i forsamlingane på bedehusa. Påverknaden kan vera eit resultat av dei ulike formelle og uformelle nettverk for kyrkjelydsutvikling som finnes i bispedømmet. NMS har gitt viktige impulsar til oppbygging av nye kyrkjelydar på nye stadar i forståing og samarbeid med sokneråda på staden. Ein av kvalitetane ved desse nye kyrkjelydane er at dei gjerne er misjonale i utforming og innhald.

## Pilegrimssatsing

I 2010 gjekk vi inn i eit nært samarbeid med Bjørgvin bispedømme og miljøet på Selja om prosjekt "Kystpilegrim." Vi har inne søknader i fylkeskommunane Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal til prosjektutvikling.

Bispedømmet si stifting Utstein Pilegrimsgard arrangerte i 2010 pilegrimsreise med kollektivtransport fra Stavanger til Nidaros til Olavsfestdagane.

Bispedømmestaben la ut på pilegrimsferd frå Stavanger i mai 2010 til Utstein, Avaldsnes, Moster, Bergen, Gulen, Selje og Kinn. Dette er naturlege stoppestadar langs Vestlandskysten når Kystleia skal merkast. I samband med reisa er det utarbeidd ein guide for nye pilegrimar som ønskjer å ta vegen i framtida. Det lokale vertskapet langs leia er meir enn klar til å ta imot pilegrimar og utvikle den infrastruktur som trengs for dei som kjem innom.



*Pilgrimmar i bispekapellet*

Stavanger bispedømme presenterte Kystleia Stavanger – Nidaros i samband med at St.Olavsvegane fekk status som Europeiske kulturvegar på den internasjonale pilegrimskonferansen i Trondheim 27.-28.07.2010. Vi registerer at den interdepartementale pilegrimssatsinga framleis talar om pilegrimsleia til Nidaros i eintal. Det same gjer Riksantikvaren si styringsgruppe for pilegrimsarbeid. Vi undrast over at dei nasjonale organ som nå arbeider med å byggje ut pilegrimsvegane, mest

ikkje har merksemd på den viktigaste pilegrimsleia i historisk perspektiv i vårt land. Det er langs Vestlandet vi har nokre av dei viktigaste heilagstadane som mål for pilegrimar og møtepunkt for nasjonsbygging i historisk perspektiv. Både i nasjonalt og europeisk perspektiv er dei same stadane framleis ein stor uutnytta ressurs.

Sommaren 2011 legg skoleskipet Gann i samarbeid med Stavanger bispedømme ut på pilegrimsferd med 200 deltagarar til ulike sentrale mål langs kysten og ferda endar opp i Nidaros under Olavsfestdagane i juli. Ny reise er lagt opp i slutten av august. Talet på pilegrimar langs Vestlandsleden vil i 2010 og 2011 slik det så langt ser ut, bli høgare enn langs leden på østlandet. Difor vonar vi det snarast kjem på plass eit pilegrimssenter i Stavanger til å vidareutvikle leden og møte den aukande interessa for kystleden.

I 2010 gjennomførte vi og prøvereise for pilegrimar frå Stavanger til Røldal. Denne reisa følgjer vi opp i 2011. I Suldal kommune byggjer no private opp ein plass pilegrimar kan nytte til kost og losji.

Ei mengde lokale pilegrimsvegar vert bygd opp rundt i Rogaland både i Dalane, på Jæren, i Stavanger og ved Avaldsnes. Stavanger bispedømmeråd si stifting Utstein Pilegrimsgard er eit nav i arbeidet med fornying av desse pilegrimstradisjonane. Stavanger bispedømmeråd samarbeider nå nært med m.a. Rogaland fylkeskommune og Stavanger kommune i eit prosjekt kalla "Pilegrim i Rogaland" der ein ynskjer å bygge opp dei lokale pilgrimsvegane i stiftet, pilegrimsleia frå Stavanger til Røldal og leden frå Stavanger mot Nidaros.

Arven frå vest har prega Stavanger bispedømme og dei andre bispedømma langs kysten. I arbeidet med utvikling av pilegrimsarbeidet hentar vi framleis rike impulsar fra den keltiske tradisjonen for å styrkja det åndelege innhaldet også pilegrimar i vår tid skal få møte under vegs.

## **Organisasjonsliv i oppbrudd og fornying**

Tradisjonelt har bedehusa stått sentralt i det kristelege arbeidet i bygder og tettstader i Rogaland. Eit mangfald av organisasjonar har hatt sine møteveker, sine foreiningar og bøsseleg. I særleg grad har ytremisjonsarbeidet erfart offerviljen blant folket som samlast på bedehuset.

Slik er det ikkje alle stader i Rogaland lenger. Mange bedehus er lagt ned dei siste åra. Særleg på små stader. Det vart for få til å ta ansvaret for å halda ved like bedehuset og arrangere samlingane. Fleire organisasjonar reduserte talet på reisande predikantar.

Inntektene av gåver og utlodningar dekkja ikkje utlegga til løn og reiser. Tilbakegangen i talet på foreiningar har vore tilsvarande. Foreiningar vart til børselag som seinare enda opp i einskildmenneske som brann for si sak; sin organisasjon.

Mange bygdelag har mist eit viktig pulsslag i den lokale kulturen. Borna kunne ikkje lenger samlas til søndagsskule. Basarane og misjonsvekene gav ikkje lenger impulsar til lokalsamfunna om ei vidare verd og eit større oppdrag ut over landet sine grenser. Tidlegare sa ein på Jæren at taka på bedehuset stod stu i stu hadde det ikkje vore for kyrkjene som låg imellom. Slik er det ikkje lenger.

Organisasjonsbilde er likevel framleis mangfaldig, rikt og vitalt i bispedømmet. Fleire organisasjonar har etablert seg med verksemd i dei mange nye gudshusa som er bygd. Dei lokale kyrkjelydane har teke opp i seg eit større ansvar for misjonsoppdraget. Nær 100 % av dei lokale kyrkjelydane i Rogaland har inngått avtale med ein eller fleire misjonsorganisasjonar om å støtta arbeidet i bøn og offer. Inntektene frå lokalkyrkjelydane er no ein betydeleg del av inntektsgrunnlaget i fleire organisasjonar. Folket som samlast i kyrkjene i Rogaland erfarer no misjonsoppdraget som ein integrert del av gudstenestelivet. Og fleire enn før tek ansvar for misjonsøkonomien gjennom ofringar, ulike prosjekt og gjevarteneste.

Samstundes som mange bedehus er lagt ned, er og mange bygd ut, fornya og nybygde. Enkelte forsamlingshus liknar langt på veg dei moderne arbeidskyrkjene. Fleire og fleire bedehus driv fullskala verksemd med dåp, nattverd og konfirmasjon. Forsamlingsleiarar har ansvar for den daglege drifta. Fleire og fleire stadar inviterer ein no til gudsteneste søndag føremiddag på bedehuset. Dette skjer utan at frammøtet til gudstenestene i kyrkjehusa dei same stadane viser nedgang.

Det norske misjonsselskap har dei siste år arbeidd med organisasjonsendringar som både speglar svikt i inntektene og nedgang i foreiningstalet. Organisasjonen står særleg sterkt i Rogaland, saman med Normisjon og NLM.

Nokre stadar i bispedømmet etablerer ein no huskyrkjer i regi av Normisjon. På kort tid har det oppstått fleire slike huskyrkjer. Dei er skapt ut frå eit ønske om å nå lengre ut, nytta heimane der folk bur, og utfordre fleire medlemmer til å ta ansvar og nytte mangfaldet av nådegaver i misjonsarbeidet. Tilsynet med slike grupper er særskild viktig om vi ikkje skal oppleve sekteriske tendensar og usunne fellesskap der personar med trong til sterk makt får fritt leide.

For nokre få år sidan gjekk folk i kyrkja på søndag føremiddag og på bedehuset om kvelden. Med dei endringane som skjer i organisasjonslivet, særleg i byane og på større

tettstader, må folk velje om dei vil gå i kyrkja eller på forsamlingshuset. Ikkje alle kjenner seg vel når dei kjenner seg tvinga til slike val. Det er særleg NLM, Indremisjonsforbundet og Normisjon som no byggjer opp stadig fleire forsamlingar som set folk på val om kor dei skal gå og kor dei skal engasjere seg.

## Samtalar med Carissimi-gruppa

Sidan Erling J. Pettersen blei vigsla til biskop i Stavanger bispedømme, har det vore samtalar mellom biskopen og representantar for Carissimi-gruppa. Dette er ei gruppe prestar og kyrkjelege medarbeidarar som ikkje ønskjer tilsyn frå biskopar som gjev støtte til kjærleik og forpliktande samliv mellom homofile og lesbiske i vigsla stillingar.

I kyrkja, ikkje minst på Vest- og Sørlandet, er dette ei viktig symbolsak. Det finst ein tradisjon for at nokre med eit konservativt syn på slike spørsmål signaliserer at dei ikkje ønskjer kyrkjeleg fellesskap med prestar og biskopar som tenkjer annleis om dette. Det store fleirtalet av kyrkjemedlemmar, kyrkjelydar og kyrkjeleg tilsette seier klart at ulike syn på dette spørsmålet ikkje er til hinder for kyrkjeleg fellesskap, medan nokon, klarast

representert ved Carissimi, tenkjer annleis om dette.



*Julekrybba i  
Riska kirke*

Biskopen har lytta grundig til Carissimi sine tankar og ønskje, før han tek stilling til utfordringane frå dei. Derfor har det vore fleire samtalar mellom representantar for Carissimi og biskopen. Til bruk i samtalan har Carissimi har levert ei skriftleg framstilling av kyrkjesynet sitt. Biskopen Bispemøtet er orientert om samtalanene.

Samtalanene held fram, med sikte på å konkludera når partane gjennom dialog har kome fram til ei forståing av kvarandre som kan gje grunnlag for praksis.

## Arbeid med ressursfordeling

Hausten 2008 starta bispedømmet arbeid med ein modell for ressursfordeling. Dette arbeidet blei leia av ei arbeidsgruppe med representantar frå bispedømmeadministrasjonen og Presteforeninga.

I 2009 blei det klart at bispedømmet måtte skjæra ned. Dette skapte behov for å utvida dei modellane for ressurstildeling ein fram til då hadde brukt, slik at ein fekk ein betre modell for å samanlikna ressursituasjonen for prestetenesta i alle prosti og kyrkjelydar i bispedømmet.

Arbeidsgruppa drøfta seg fram til ein modell som henta inn talmateriale frå dei viktigaste områda av prestetenesta, både arbeid med gudstenester, kyrkjelege



handlingar og anna kyrkjelydsarbeid. Ein tok omsyn til geografiske tilhøve ved å inkludera reisetid og rekna både ut frå talet på kyrkjelege einingar og kyrkjemedlemmar. Modellen blei sendt på høyring hjå prostar og prestar, slik at ein òg fekk ein demokratisk og godt sikra vekting av dei ulike tala.

Dette arbeidet har gjeve bispedømmet ein godt demokratisk forankra modell for ressursfordeling som kan oppdaterast kontinuerlig og som reknar saman svært mange sentrale tal for prestetenesta. Det gjer at ressursfordelinga heretter i større grad skjer ut frå objektive storleikar. Det gjer òg at ulike sider av prestetenesta i minst mogleg grad blir forfordelt som grunnlag for ressurstildeling.

## Utvikling av Strategi for Stavanger bispedømme 2011 – 2014.



Gjennom 2010 har Stavanger biskop og bispedømmeråd utvikla ein ny strategi for Stavanger bispedømme for dei næraste åra. Satsinga i bispedømmet vil framover bli prega av eit sterkare misjonalt perspektiv. (Sjå Strategi 2011 – 2014 som ligg ved årsrapporten.) Færre mål enn før vil få meir merksemd. Ressursbruken vert meir målretta. Vi ønskjer å vera ei open folkekyrkje og samstundes ei tydeleg kyrkje med frimodig deling av evangeliet i ord og handling. Lokalt. Regionalt. Globalt.



## Del 2. Kyrkjeleg administrasjon

### 2.1 Demokratireforma

#### Resultatmål

Resultatmål	Videreføring av demokratireformen i Den norske kirke, herunder evaluering av kirkevalgene i 2009, jfr den politiske avtalen 10. april 2008 om forholdet mellom staten og Den norske kirke, St. meld. nr 17 (2007-2008) Staten og Den norske kirke og Innst. S. nr. 287 (2007-2008). Målet for demokratireformen er at kirkens organer får en sterkere demokratisk legitimitet og forankring blant kirkemedlemmene.
Styringsparametere	Etablering av reelle valgmuligheter
	Kirkevalg samtidig med offentlige valg
	Økt bruk av direkte valg
	Forsøk med ulike valgordninger til bispedømmeråd / Kirkemøte
Resultatindikatorer	Departementet har ikke funnet det hensiktsmessig å fastsette resultatindikatorer under dette resultatmålet for 2010, da styringsparametrene (jf forutsetningene i kirkeforliket) er relatert til gjennomføringen av kirkevalgene i 2009 og 2011. Bispedømmene skal imidlertid kort redegjøre for hvilke tiltak som er gjennomført mht forberedelsene til kirkevalget i 2011, med bakgrunn i evalueringen av valgene i 2009.

Stavanger bispedømme sette dette målet for arbeidet med demokratireforma i sin årsplan:

*I 2010 skal vi leggja grunnlaget for betre gjennomføring og auka oppslutning om kyrkjevala i 2011, gjennom grundig evaluering og målbevisst planlegging fram mot neste val. Ovafor medlemmane i kyrkja vil me arbeida aktivt for å gjera bispedømmerådet si verksemd synleg, for å skapa større engasjement og medvit om kva kyrkja betyr.*

Dette blei konkretisert til desse tiltaka:

- Samla evalueringsmateriell frå lokale kyrkjelydar, valråd, bispedømmeråd og valadministrasjon
- Komma med forslag til forbetra gjennomføring av valet
- Presentera aktuelle saker og hendingar i bispedømmerådet i media.

## Måloppnåing

I 2010 var det ikkje kyrkjeval. Fokuset har vore på valordningar og på å gjera bispedømmerrådet sitt arbeid synleg.

Målet om å gjera godt etterarbeid etter valet og fremja forslag til forbetringar ut frå dette, reknar bispedømmet som oppnådd. Fleire ønske om endringar, som mellom anna bispedømmet si evaluering og tilbakemelding har reflektert, er no ein del av valreglane.

Me har betra systema for offentleggjering av bispedømmerrådssaker og har slik delvis oppnådd målet om å gjera bispedømmerrådet sitt arbeid meir synleg. Me sender ut nyhende om møte i forkant, med sakspapir lagt ut. Me har fått større eller mindre oppslag i ulike lokale regionale media om nytt ungdomsråd, gudstenesteforordning, ressurs spørsmål, tilsetjingssaker, biskopen si verksemd, trusopplæring og personal i Kyrkjemøtet.



*Inger Kari Søyland og Svein Arne  
Lindø, leiar og nestleiar i  
Stavanger bispedømmerråd*

## **Vurdering av måloppnåinga**

Bispedømmet er godt nøgd med etterarbeidet etter valet. Prosessen har halde godt tempo og god kvalitet på same tid.

Målet om at bispedømmerådet sitt arbeid skal bli meir synleg, må setjast inn i ei større ramme. Ikkje alle saker i bispedømmerådet er gode mediesaker. Nokre kontroversielle saker er ikkje offentlege, til dømes dei som handlar om tilsetjing. Bispedømmet vil arbeida aktivt for å vera synleg og tilgjengeleg, men med realistiske forventningar om kva som kan bli store saker i breie media.

Det er ei hovudutfordring ved å byggja ein aktiv, demokratisk kultur at det verken er tradisjonar eller etablerte strukturar som gjer at kandidatar til kyrkjelege råd blir profilert tydeleg på offentlege arenaer. Dette er BDR merksame på, innafor eit handlingsrom der ein må avgrensa seg krystallklart frå å driva valkamp for einskilde kandidatar.

I kyrkja kan ein òg sjå at dei mange gode konsensusprosessane og fråværet av eit mangfald av kjende og engasjerande konfliktspørsmål kan gjera popularisering av demokratiet tyngre. Det langsiktige arbeidet for god intern organisasjonskultur og godt ytre omdømme kan nokre gongar stå i motsetnad til media sitt konfliktkriterium for gode nyhende.

## **Endringar i strategiar og tiltak**

I Kyrkjevalet 2011 vil me arbeida for tydeleg informasjon om kva standpunkt kandidatane har i kjende diskusjonsspørsmål. Me vil skapa best moglege system for at kandidatane kan bli synlege. Me vil satsa på eit mediearbeid prega av initiativ, klokskap, openheit og målmedvit.

## 2.2 Trusopplæringsreforma

### Resultatmål

Resultatmål	“Videreføring av trosopplæringsreformen i samsvar med de retningslinjer og forutsetninger som gjelder for reformen, jf St. meld. nr 7 (2002-2003) “Trusopplæring i ei ny tid” og Innst. S. nr 200 (2003-2003). Målet er et systematisk og sammenhengende tilbud om trosopplæring for alle døpte fram til fylte 18 år. Tilbudet skal være lokalt forankret, tilpasset ulike alderstrinn og tilrettelagt slik at det når ut til bredden av alle døpte.” (frå FAD)
Styringsparameter	Utbreiing av trusopplæringsreforma i bispedømmet
	Omfanget av trusopplæringstilboda i kyrkjelydane
	Oppslutninga om trusopplæringstilboda i kyrkjelydar som er tatt inn i gjennomføringsfasen
Resultatindikatorar	Tal sokn som har fått tilført trusopplæringsmidlar i 2010
	Gjennomsnittleg tal timar trusopplæringstilbod i sokn som er i gjennomføringsfasen
	Gjennomsnittleg deltaking i trusopplæringstilboda i sokna (ved eit utval representative trusopplæringstilbod)

Stavanger bispedømme sette desse delmåla for arbeidet med trusopplæringsreforma i sin årsplan:

- Innføring av ny plan for trusopplæring
- Innføring av nytt prosti i trusopplæringsreforma
- Oppfølging av sokn i trusopplæringsreforma
- Fag- og kompetanseutvikling
- Vidareutvikling av konfirmantarbeidet
- Synleggjering av trusopplæringsarbeidet i sokna
- Sikre at tilboda om trusopplæring òg inkluderer menneske med utviklingshemming

## Måloppnåing

I 2010 fekk 41 av 91 sokn i Stavanger bispedømme (45%) tilført midlar til å gjennomføra trusopplæringsreforma for alle døypte i aldersgruppa 0 - 18 år. Av desse er 28 sokn i gjennomføringsfasen, mens 13 er i mellomfasen.

12 av sokna i gjennomføringsfasen tilhøyrrer Tungenes prosti som blei innført i trusopplæringsreforma i 2010. Frå før er sokna i Haugesund prosti (2008) og Sandnes prosti (2009) innførte i reforma.

Talmaterialet frå desse sokna er ikkje komplett, men det gjev likevel eit tydeleg bilete av omfanget og oppslutninga om trusopplæringstilbodet i bispedømmet. For nokre av sokna i gjennomføringsfasen er det å rapportera på trusopplæring noko nytt. Bispedømmerådet har ikkje gjennomført årsrapportsamtale med desse sokna enno. Vi tar derfor atterhald om at det kan være noko feilmargin i desse tala.

Sokna i gjennomføringsfasen rapporterer å ha gjennomsnittleg 318,69 timar trusopplæringstilbod.

I gjennomsnitt deltek 47,44% av målgruppa på eit utval av representative trusopplæringstilbod i sokna i gjennomføringsfasen. Den gjennomsnittlege deltakinga i kvar enkelt av dei utvalde trusopplæringstilboda er som fylgjer:

<i>Alder</i>	<i>Tiltak</i>	<i>Gjennomsnittleg oppslutning</i>
<i>0 år</i>	Dåpssamtale	95,38 %
<i>4 år</i>	Utdeling av bok	57,46 %
<i>6 år*</i>	Eit tidsavgrensa breiddetiltak for 6-åringar	38,19 %
<i>Ca. 11 år</i>	LysVaken	28,97 %
<i>15 år</i>	Konfirmasjon	83,89 %
<i>16 år</i>	Breiddetiltak året etter konfirmasjon	13,85 %

## Vurdering av måloppnåinga

Når vi ser dei rapporterte tala for 2010, er hovudinntrykket at det er brei oppslutning om trusopplæringstilboda i sokna i bispedømmet, og at omfanget av slike tilbod i sokna er på eit nivå som ligg nært opp til målsettinga om 315 trusopplæringstimar. Dette viser at sokna i gjennomføringsfasen arbeider systematisk og målretta for å tilby god trusopplæring til alle døypte.



*4-åringar i prosesjon til utdeling av Barnebibel*

Av dei 126 rapporterte tiltaka frå dei 28 sokna i gjennomføringsfasen (ved eit utval representative trusopplæringstilbod) har 34 ein høgare oppslutning enn 90% (dvs 26,98%). Særlig er det dåpssamtalen og konfirmasjonen som får ei så høg oppslutning, men og utdeling av bok til 4åringane har i nokre av sokna ei oppslutning på mellom 60 og 80 %. Dette viser at det er dei godt innarbeida tiltaka som får størst oppslutning (dåpssamtale og konfirmasjon). Dette samsvarer godt med KIFOs Tilstandsrapport om Den norske kirke for 2010.

Det er størst variasjon i oppslutninga om dei nye tiltaka, slik som tiltak for 6åringane og LysVaken. Her varierar oppslutninga mellom 5% og 100%. Dette viser at det mange stader tek tid å innarbeida nye tiltak som når alle døypte.

Oppslutninga om breddetiltaka året etter konfirmasjon er lågast. Det samsvarer med dei erfaringane som har vært gjort i forsøks- og utviklingsfasen av trusopplæringsreforma. Her vil det på sikt være nødvendig å ta nye grep for å utvikla tiltak som har potensiale til å nå alle døypte ungdommar 15-18.

Sokn som ligg i byane har gjennomsnittleg lågare oppslutning enn sokna som ligg på landet. KIFOs Tilstandsrapport om Den norske kirke for 2010 seier at "det kan se ut som

såkalla kontinuerlige tiltak rettet mot avgrensede aldersgrupper har lav utbredelse og dekning” (s 38). På grunnlag av dei innrapporterte tala for 2010 ser me at dette stemmer godt i byane, men at nokre av sokna på landet har kontinuerlige tiltak som når alle døypte i aldersgruppa.

### **Omtale av tiltak som har vært gjennomført for å påverka resultatet**

Å skapa ei trusopplæring som er systematisk, samanhengande og lokalt forankra, krev at kyrkjelydane over tid arbeidar målretta med dette. Me ser at dei sokna som har vore lengst inne i reforma er dei som også best har utvikla planar for samanhengande trusopplæring og tiltak som er lokalt forankra. Dette avheng mellom anna av frivillige medarbeidarar, kompetanse i staben, tverrfagleg samarbeid, kva lokale dei har, økonomi og engasjement. Ein annan viktig faktor er i kva grad kyrkjelydane har kunnskap om reforma, og me ser at innføring av ny plan for trusopplæring har vore med på å bidra til auke av kunnskapsnivået i bispedømmet. Kyrkjelydane synest no å ha god kunnskap om reforma og er medvitne på sine oppgåver ved innføringa av reforma.

Gjennomføring av trusopplæringsreforma er ein endringsprosess, det vert ”ein ny måte å vere kyrkjelyd på.” Dette har konsekvensar for korleis stabane jobbar saman og for korleis frivillige frå lag og organisasjonar blir involverte. Me ser at bispedømmet si





satsing på tverrfaglig samarbeid på mellom anna fagdagar og innføringskurs gjer at fleire kyrkjelydar også endrar samarbeidsmønster og utviklar ei trusopplæring som er meir heilskaplig. Det tar tid å innarbeida nye måtar å arbeida saman på, men me ser ei positiv utvikling.

Prosessen ved innføring av trusopplæringsreforma har i 2010 hatt desse tiltaka:

1. *Innføring av ny plan for trusopplæring*: Bispedømmerådet gjennomførde prostivise kurs om den nye planen for trusopplæring for alle sokneråd og stabar i bispedømmet.
2. *Kontaktpersonansvar*: Bispedømmerådet har hatt oppfyljing av alle kyrkjelydar som er i gjennomførings- og mellomfasen av trusopplæringsreforma (gjennom mellom anna årsrapport og årsrapportsamtalen).
3. *Fag- og kompetanseutvikling*: Bispedømmerådet har arrangert ti ulike fagsamlingar for tilsette i kyrkjelydane med trusopplæring som tema.
4. *Innføring av nytt prosti i reforma for trusopplæring*:
  - a. *Samrådsmøte*: Bispedømmerådet, kyrkjeveverjene og prosten i prostiet hadde møte for å drøfte prosessen, samarbeidsmuligheiter og fordelinga av midla.
  - b. *Drøftingsmøte*: Bispedømmerådet informerte kyrkjelydane om prosessen og kriteria for fordeling, og mottok innspel frå dei om fordelinga.
  - c. *Oppstartssamling*: Tilsette, sokneråd og frivillige ble informerte om tildelinga. Bakgrunn og mål med reforma vart presentert og ein vidare prosess initiert.
  - d. *Framdriftsplanar og budsjettering*: Alle tildelingseiningar sendte inn framdriftsplanar og budsjett for arbeidet med trusopplæring i 2010.
  - e. *Innføringskurs*: Bispedømmerådet arrangerte fire innføringskveldar for lønna og ulønna medarbeidarar for å gje kyrkjelydane kunnskap og eigarskap til reforma. Det var og arrangert eit tverrfagleg kurs på dagtid for alle i stabane om korleis leia prosessane med å utvikle ein lokal plan for trusopplæring. Til sist arrangerte bispedømmerådet eit kurs for kontaktpersonane i alle kyrkjelydane om rapportering og kommunikasjon.

- f. *Tildeling og rapportering*: Stavanger bispedømmeråd sendte ut tildelingsbrev og oppretta rapporteringsside for alle tildelingseiningar.

For å vidareføre arbeidet med innføring av trusopplæringsreforma for alle døypte 0-18 år fekk Stavanger bispedøme i 2010 overført midlar til ei heil stilling på bispedømmekontoret. I avdeling for kyrkjelydsutvikling har trusopplæringsreforma høg prioritet, og bispedømmet har valt å bruka to heile stillingar på arbeidsfeltet.

## **Endringar i strategiar og tiltak**

I løpet av 2011 skal alle sokna i to prosti levera sin lokale plan for trusopplæring til biskopen for godkjenning. Bispedømmet ser behovet av å utvikla strategiar for å hjelpe desse kyrkjelydane i prosessen med å utforma den lokale planen for trusopplæring.

Når det gjeld arbeidet med fag- og kompetanseutvikling for medarbeidarane i bispedømmet ser me ein stigande oppslutning om våre kurs og fagsamlingar. Det er nokre av faggruppene (til dømes kantorar, prestar og diakonar) som likevel er svakare representert på desse samlingane, og me vil i tida framover ha eit særleg fokus på korleis me kan få desse til å delta.

Bispedømmerådet ser behov for å styrke oppfølginga av trosopplæringsmedarbeidarane for å gje dei kunnskap om sentrale føringar i reforma, rom for erfaringsdeling og inspirasjon til arbeida med å fornya trusopplæringa i sitt sokn. Dette vil me gjere ved å invitere til ei årleg medarbeidarsamling på hausten.

Stavanger bispedømme har vedtatt ein ny strategiplan for dei neste fire åra (2011-2014). I denne er det tre satsingsområde på "barn og ungdom". Desse er

- innhaldet i trusopplæringa
- trusopplæring i heimen
- ungdom i kyrkja

Kva som vil bli den konkrete oppfølginga av strategiplanen, vil bispedømmerådet arbeida med i tida som kjem.

Dei statlege midlane til trusopplæring er gjeve til utøvande trusopplæring i sokna. Likevel merker me eit stigande press frå fleire av dei kyrkjelege fellesråda for å kunne bruke midla til administrasjon. Bispedømmerådet vil følgje nøye med utviklinga for å sikra at trusopplæringsmidla blir brukt i tråd med formålet for reforma.

Me ser at det framleis er eit stort behov for å ha fokus på kompetanse og konseptutvikling når det gjeld arbeidet med tilrettelegging for menneske med utviklingshemming.

## 2.3 Lokalt forsøks- og utviklingsarbeid

### Resultatmål

Resultatmål	Det skal legges til rette for lokalt forsøks- og utviklingsarbeid, bl.a. gjennom økt samarbeid på tvers av menighets- og kommunegrensar, slik at kirkens organisering og forvaltning er funksjonell, kostnadseffektiv og brukerorientert. Tilsvarende mål gjelder for Kirkerådets og bispedømmerådene egen organisering og forvaltning.
Styringsparametere	Omfang og virkning av forsøks- og utviklingsarbeid i bispedømmet
Resultatindikatorer	Antall fellestråd som deltar i forsøk eller har etablert samarbeidsordningar på tvers av sokne- / kommunegrensene
	Antall menigheter som deltar i forsøk med sammenslåtte menighetsråd

### Måloppnåing

For å fremme tverrfaglege, kyrkjelydsutviklande prosessar på soknenivå vart det under medarbeidardagen for kyrkjelege tilsette 10.juni 2010 gjennomført eit seminar med om tverrfagleg samarbeid om gudstenesta. Vidare er det gjennomført stabsutviklingskurs for 12 kyrkjelydar.

For samordning av tiltak innan verksemda til bispedømmerådet, biskopen og fellestråda og kyrkjelydane, ligg det føre ein oppdatert felles kurskatalog på våre heimesider. Det vart dessutan gjennomført fire samordningsmøte mellom kyrkjeverjelaget sitt styre og bispedømmeadministrasjonen.

Vi hadde som målsetjing å bidra til oppstart av formelt samarbeid mellom to eller fleire kyrkjelege fellestråd. I samband med at Kyrkerådet og KA utlyste midlar til

forsøksarbeid, sende vi skriftleg oppmoding til fellesråda om å vurdere samarbeid. Den oppmodinga vart følgd opp i møter med kyrkjeverjene. Vidare tok vi kontakt med fleire aktuelle fellesråd for å undersøkje om det var interesse for å gå inn i samarbeidsprosjekt. Vi lukkast ikkje i å få i gang prosjekt om formelt samarbeid mellom kyrkjelege fellesråd.

### Vurdering av måloppnåinga

I Stavanger bispedømme var det ikkje mogeleg å etablere lokalt utviklings- og forsøksarbeid i samband med målsetjinga. Risikovurderinga vår viste at det sannsynlegvis ville vere vanskeleg å etablere forsøk på grunn av at tilsette og rådsorgan ville ha vanskar med å sjå tilstrekkelege fordelar med samarbeid. Sjølv om Kyrkerådet og KA kunne bidra med forsøksmidlar, fanst det ikkje tilstrekkeleg motivasjon for samarbeid

### Endringar i strategiar og tiltak

Vi vil framleis ha som målsetjing å etablere formelt samarbeid mellom kyrkjelege fellesråd i bispedømmet. Erfaringane frå 2010 tilseier at vi i 2011 må peike ut nokre konkrete stader der forsøk kan vere særleg aktuelle, og arbeide tett opp mot desse for å motivere til forsøk. Det vil dessutan vere ein føresetnad at det kan tilførast stimulansmidlar til forsøka.



*Biskopen møter ungdomsdiakon  
Solveig Kindervaag før vigsling.*

## 2.4 Diakoni

### Resultatmål

Vårt mål for 2010:

Vi skal arbeide for at Den norske kirke fortsetter å være en tjenende folkekirke, ved å styrke diakonien i menighetene i samsvar med Plan for diakoni i Den norske kirke.

Under dette målet hadde vi sett opp ei rekkje delmål. Av desse var det to som var direkte målbare ved at vi hadde definert styringsparameter og indikatorar.

<b>Delmål</b>	<b>Styringsparameter</b>	<b>Indikator</b>
15 kyrkjelydar lagar lokal plan for diakoni med utgangspunkt i Plan for diakoni	Utbreiing av lokale diakoniplanar	Tal på kyrkjelydar som har laga diakoniplan i 2010
10 nye kyrkjelydar oppfyller krava for å bli sertifiserte som grøne kyrkjelydar eller miljøfyrtårn	Utbreiing av grøne kyrkjelydar og miljøfyrtårn	Tal på kyrkjelydar som er godkjente / sertifiserte i 2010

### Måloppnåing

Vi har arbeidd for at Den norske kyrkja held fram med å vera ei tenande folkekyrkje ved å styrkja diakonien i kyrkjelydane i samsvar med Plan for diakoni i Den norske kyrkja. Målet er i hovudsak oppnådd.

Fleire av delmåla er mål vi arbeider med over fleire år og som det på dette tidspunkt er naturleg å seia er delvis oppnådde.

Måloppnåing for delmålet om utbreiing av lokale diakoniplanar: Målet er oppnådd, sjå tabell.

	<b>2009</b>	<b>2010</b>
<b>Kyrkjelydar(91) med lokal plan for diakoni</b>	25	50

Måloppnåing for delmålet om utbreiing av grønne kyrkjelydar og miljøfyrtårn: Målet er delvis oppnådd, sjå tabell. Fem kyrkjelydar er godkjent som grønne kyrkjelydar, tre kyrkjelydar er sertifiserte som miljøfyrtårn. Tabellen viser også utviklinga av miljøfyrtårnsertifiserte fellelråd.

	2008	2009	2010
Grønne kyrkjelydar (91)	2	4	9
Miljøfyrtårnsertifiserte kyrkjelydar (91)	12	13	16
Miljøfyrtårnsertifiserte fellelråd (26)	3	3	4

## Vurdering av måloppnåinga

Arbeidet med å styrkja diakonien i kyrkjelydane i bispedømet er eit sentralt mål for biskopen og for bispedømerådet. Fleire medarbeidarar i administrasjonen følgjer i tillegg til diakonirådgeveren opp denne satsinga. Dette gir eit naturleg tverrfagleg perspektiv på den diakonale satsinga.

## Sorgstøttegrupper

Tilstandsrapport for Den norske kyrkja 2010 slår fast at Stavanger bispedøme står i ei særstilling når det gjeld sorgstøttegrupper. Rapporten held fram at vi har 163 sorggrupper fordelt på 38 kyrkjelydar, og at dette utgjer ein stor del både av volum og auke på landsbasis. Tilstandsrapporten kommenterer dette slik: "Dette skyldes sannsynligvis at bispedømmet har gjort et målrettet arbeid for å få etablert slike grupper."



Til dette vil vi seia at vi gjennom fleire år har drive eit målretta arbeid for å få etablert slike grupper. Vi har i denne samanhengen delt bispedømmet i tre regionar og late diakonane i desse regionane organisera gruppearbeidet i samarbeid. Nokre stadar har ein gått inn i eit samarbeid med helsestasjonar for å danna egne sorgstøttegrupper for barn og unge (som har mista foreldre eller søsken). I Stavanger og Sandnes, dei to største kommunane i bispedømmet, har vi også gått inn i eit samarbeid

med helsestasjonane, Den norske kreftforening og frivillige sjølvhjelpsgrupper som LEVE og "Vi som har et barn for lite" i arbeidet med sorgstøttegrupper.

### **Kontakt med tilsette og kyrkjelydar**

Administrasjonen arbeider med oppfølging av tilsette diakonar og diakoniarbeidarar, oppfølging av kyrkjelydar og kontakt med samarbeidspartnarar. Vidare følgjer vi opp ei rekkje prosjekt og faste utval, til dømes arbeidsgruppa for miljø, forbruk og rettferd.

I bispedømet har vi i dag 44 diakonar/diakoniarbeidarar. 13 av desse stillingane får refusjon gjennom BDR av inntil 50 % av lønsmidlane. Den siste diakonistillingen med slik støtte kom i 2002. Det blir arbeidd kreativt i mange kyrkjelydar for å få oppretta nye diakon- og diakoniarbeidarstillingar med eigne midlar, i samarbeid med kommunar og med Diakonistiftelsen Rogaland.

Målet er at alle kyrkjelydar i bispedømet skal ha tilgang på diakonal kompetanse. I dag har 65 % av kyrkjelydane tilgang på denne kompetansen. Det er ein auke i talet på diakon- og diakoniarbeidarstillingar. Går vi nokre år tilbake, var det i 2003 32 slike stillingar. Men denne auken er langt frå stor nok til at vi dei næraste åra kan nå målet om full dekning.

### **Lokale planer for diakoni**

Etter at den nye Plan for diakoni blei vedteken på Kyrkjemøtet i 2007, har vi hatt kurs i utforming av lokale planar for diakoni i alle prostia. Dette har gjeve gode resultat, og 50 % av kyrkjelydane har nå utarbeidd lokale planar basert på den nye Plan for Diakoni.. Målet er at alle kyrkjelydane skal utforma sin eigen lokale plan for diakoni.

Ein viktig observasjon er at ca 75 % av de kyrkjelydane som har vedteke lokal plan, har tilsett diakon eller diakonimedarbeidar. Dette viser at tilgangen på diakonal kompetanse er viktig for utviklinga av Den norske kyrkja som ei tenande folkekyrkje.

## Miljøfyrtårn og grønne kyrkjelydar

Ressursgruppa for miljø, forbruk og rettferd har dei to siste åra satsa på sertifisering av



kyrkjelege fellelråd som miljøfyrtårn og godkjenning av kyrkjelydar som grønne kyrkjelydar.

Ved utgangen av 2010 er 29 kyrkjelydar og kyrkjelege fellelråd sertifiserte som miljøfyrtårn eller godkjente som grønne kyrkjelydar i Stavanger bispedømme.

Målet er at alle kyrkjelydane oppfyller krava for å bli sertifisert

som grønne kyrkjelydar og at fellelråda oppfyller krava for å bli sertifiserte som miljøfyrtårn.

## Inkluderande kyrkjeliv

Dette er eit tverrgående perspektiv som vedkjem alle satsingsområda i kyrkja. Det rører likevel på ein særleg måte den diakonale satsinga. Administrasjonen følgjer opp medarbeidarar og kyrkjelydar i forhold til tilrettelegging og inkludering av menneske med utviklingshemming.

Dette perspektivet har dette året på ein særleg måte blitt løfta opp og synleggjort ved at vår integreringskonsulent Sølvi Dahle saman med spesialprest Tor Ivar Torgauten har redigert boka "Utviklingshemning og tros- og livssynsutøvelse. Rettigheter og tilrettelegging" (Universitetsforlaget 2010). Boka set fokus på viktige diakonale tema i forhold til menneske med utviklingshemming. Utgjevinga blei følgt opp ved at vi arrangerte ein konferanse i samarbeid med Fylkesmannen i Rogaland og Diakonhjemmet Høgskole, avdeling Rogaland.

Stavanger BDR har i år gått inn i eit samarbeidsprosjekt med Stavanger kyrkjelege fellelråd om ein kombinert stilling som inkluderingsrådgjevar og diakon i Madlamark. Ein del av stillinga er knytt til eit tiltak for unge med utviklingshemming i Stavangerregionen. Madlamark kyrkjelyd har fått støtte frå Diakonistiftelsen Rogaland til dette prosjektet.



## **Førebygging og handtering av seksuelle krenkingar**

Arbeidet med å arbeida ut retningslinjer med sikte på førebygging og handtering av seksuelle krenkingar der tillitsvalde eller uløna medarbeidarar er involverte, har stor merksemd i bispedømmet vårt. Fleire kyrkjelege fellestråd og sokneråd er i gang med å laga lokale retningslinjer basert på rettleiingshefte frå KA/FAD og bispedømmet sine retningslinjer.

## **Kyrkja sitt familievern**

Stavanger bispedømmeråd eig tre familievernkontor. Det har i år vore ein prosess med tanke på ny organisering av familievernet. Vi har som eit ledd i denne prosessen etablert ei førebels ordning der dei same personane er oppnemnte til alle tre styra. Kwart kontor har sin representant for dei tilsette i sitt styre.

Arbeidet med ny organisering held fram i 2011.

## **Endringar i strategiar og tiltak**

Stavanger bispedømmeråd har vedtatt ny strategi for perioden 2011-2014. Den har på dette satsingsområdet følgjande formulering:

*Vi ønskjer kyrkjelydar som lever ut evangeliet i handling.*

*Vi fokuserer på fellesskap som søker Kristus, retten til eit åndeleg liv for alle, grøne kyrkjelydar, strukturert og målretta diakoni nedfelt i lokale planar.*

Dette vil først og fremst føra til to endringar i 2011:

1. Vi vil vera tydelegare i prioriteringa av innsatsen vår innan dette satsingsområdet.
2. Med utgangspunkt i formuleringa om retten til åndeleg liv for alle, vil vi arbeida for å vidareutvikla det diakonale engasjementet i kyrkjelydane i lys av Samhandlingsreforma, med utgangspunkt i rapporten *Diakoni og samhandling*, utgjeven av Diakonhjemmet.

## 2.5 Kyrkjemusikk og kultur

### Resultatmål

Målet for 2010:

Vi vil styrke den kulturfaglige kompetansen i det tverrfaglige menighetsutviklende arbeidet i bispedømmet, og styrke kontakten med samarbeidande organ innan kulturfeltet.


Vi hadde sett opp to konkrete delmål:

- Oppretting av og tilsetjing i stilling som kulturrådgjevar
- Bispedømmet blir ein ressurs for Den kulturelle skulesekken og vil i 2010 opprette dialog med aktuelle instansar i skoleverket.

### Måloppnåing

Delmålet knytt til tilsetjing av kulturrådgjevar er oppnådd. Stillinga blei lyst ut to gonger. Bispedømmerådet tilsette Ragnhild Halle som kulturrådgjevar i sitt møte 27.10.2010.

Delmålet knytt til Den kulturelle skulesekken (DKS) er oppnådd. Det blei tatt kontakt



*Domkyrkja har nettopp fått inkludert eit av sine prosjekt i den kulturelle skulesekken*

med administrasjonen for DKS i Rogaland fylkeskommune og i Stavanger kommune. Aktuelle kyrkjelege prosjekt innanfor DKS blei drøfta. Ei gruppe på fire deltakarar frå tre ulike prosti reiste til seminar om DKS i Molde. Det blei sendt ein projektsøknad frå Stavanger domkyrkje til DKS i desember. Prosjektet blei antatt for skoleåret 2011/12.

## **Vurdering av måloppnåinga**

Det er oppretta god dialog med DKS på fylkeskommunalt plan og i forhold til Stavanger kommune, som er den største kommunen i bispedømmet og har eigen avtale i forhold til å godkjenne prosjekt innanfor DKS i Stavanger. Fleire sokn har blitt merksame på dei muligheitene for prosjektstøtte som DKS gir og vil etter kvart prøve å gjere seg nytte av dette.

## **Endringar i strategiar og tiltak**

Vi vil få ei fornyta satsing på kultursektoren ved at vi har tilsett kulturrådgjever frå 1. februar 2011. Det vil bli sett opp årsplan for dette satsingsområdet.

Vi vil i 2011 ha eit forsterka fokus på DKS og gjøre ordninga kjent blant tilsette og i kyrkjelydane. Vi vil oppfordre til utarbeiding av kyrkjelege prosjekt, være med å utvikle idear, være støttespelarar i prosessen og gi hjelp til å skrive søknader.

Vi vil i 2011 ha fokus på pilegrimstradisjonen og aktualisere denne gjennom blant anna bruk av pilegrimsledar. Samtidig vil vi arbeide med innhaldet og den åndelege dimensjonen knytt til det å være ein pilegrim i dag.

## **2.6 Gudstenesteliv**

### **Resultatmål**

Kyrkja står midt i ei omfattande reform av gudstenestelivet. Vårt mål var i 2010 å spela ei aktiv rolle i dette fornyingsarbeidet i kyrkjelydane i bispedømmet. For å kunna gjera dette, har vi også som mål å vera godt orientert om utviklingstendensar i gudstenestelivet.

Vi hadde to konkrete delmål:

- Vi vil bidra til fornying av gudstenestelivet gjennom å fokusera på involvering og medarbeiderskap.

- Vi vil fornya arbeidet med gudstenesteforordningar i lys av kyrkjelydane sine behov og fridagsavtalen til presteskapat.

## Måloppnåing

Utvalde nøkkeltal for gudstenestedeltakinga er viktige når vi skal følgja med i aktuelle utviklingstendensar. Samtidig er det viktig å ha klart for seg at ei positiv fornying av gudstenestelivet ikkje nødvendigvis vil gje umiddelbar verknad når det gjeld gudstenestedeltaking. Her er også langsiktig arbeid med strategiske val viktig.

Nedafor finst ein tabell over utviklinga i nøkkeltal for bispedømmet 2001-2010.

<u>Nøkkeltal, Stavanger bispedømme</u>						
	Snitt 2001-2006	2007	2008	2009	2010	Utvikling 2009-10
Dåp	4412	4382	4502	4477	4482	5
Vigslar	1124	1178	1124	1087	1069	-18
Konfirmantar	4197	4347	4299	4390	4419	29
Gudstenester	4454	4613	4634	4563	4529	-34
Total gudstenestedelt.	614289	618575	625502	615379	604207	-11172
Nattverdgdudstenester	1897	2785	2644	2518	2574	56
Nattverdgjestar	129582	163799	153130	150184	151177	993
Offer	15085633	17899992	18391319	18763549	19246594	483045
Snitt pr. gudstj	138	134	135	135	133	-2
Snitt nattverdgjestar	68	59	58	60	59	-1

Talet på **gudstenester** i bispedømmet er omtrent det same som for 2009. Den gjennomsnittlege deltakinga og nattverddeltakinga har teke eit lite steg ned. Nedgangen i gjennomsnittleg nattverddeltaking kan ha med auken i talet på nattverdgdudstenester å gjera.

Totalt sett var det over 11000 færre gudstenestedeltakarar i 2010 enn i 2009. Desse tala har peika nedover dei siste åra, og talet for 2010 er det lågaste sidan 2001. Størstedelen av nedgangen skjer i tre av prostia: Domprostiet, Haugesund og Dalane. I halvparten av prostia går gudstenestedeltakinga opp.

I Domprostiet er det nedgangen i gudstenestedeltaking i Domkyrkja som er hovudproblemet. Domkyrkja mista 7800 gudstenestedeltakarar og i snitt 45 nattverdgjestar det siste året. Kanskje har nokre av desse gått til andre kyrkjelydar, men utviklinga i Domkyrkja vil det vera viktig å arbeida for å snu.

Me finn markert vekst i gjennomsnittleg gudstenestedeltaking i sokn som Bjerkreim, Hjelmeland, Skjold, Vikedal, Sola, Åkra, Tasta, Bore, Bryne, Undheim, Ålgård og Hana. Desse kyrkjelydane har i snitt fått rundt 20 fleire gudstenestedeltakarar det siste året. Fleire av desse kyrkjelydane er bygdekyrkjelydar. Mellom dei større kyrkjelydane som veks, har både Sola, Bryne, Ålgård og Åkra har prosjekt med kyrkjelydsplanting eller gudstenester utafor sjølve kyrkjebygget. Dette er òg område der folkevekst slår ut i auka gudstenestedeltaking.



*Gudsteneste i Vedavågen kirke*

Utviklinga i einskilde kyrkjelydar og prosti gjev oss materiale me er interesserte i å gå nærare inn på, for å sjå om me kan finna årsaker til positiv eller negativ utvikling. Til dømes kan det vera interessant å sjå på tala for gudstenestedeltaking saman med kva andre tiltak som finst i kyrkjelyden. Det er svært interessant for bispedømmet å følgja med på korleis utviklinga av nye gudstenestefellesskap i eit sokn slår ut

på den samla gudstenestedeltakinga. Stort sett ser dette ut til å verka positivt.

**Dåpstalet** er i sum det nest høgaste sidan 2001. Me ønskjer framover å sjå nærare på dåpsprosent, men dette er eit større arbeid me ikkje har hatt kapasitet til å ta ved tidspunktet for innlevering av rapporten. **Konfirmanttalet** er det høgaste sidan 2006. Talet på **vigslar og forbønningshandlingar** går forsiktig ned. Dette verkar som ein tendens.

Som tidlegare år, så aukar kyrkjelydane sin innsats gjennom ofringar og gjevarteneste. For fyrste gong har kyrkjelydane samla inn meir enn 19 millionar kroner under gudstenestene. Gjennom gjevarteneste samlar kyrkjelydane inn nærare 18 millionar kroner i tillegg. 32 millionar kroner av det som kjem inn gjennom ofringar, gjevarteneste og eigne innsamlingar til eiga verksemd.

Det er store regionale forskjellar i kor mykje pengar kyrkjelydane samlar inn, og store skilnadar frå kyrkjelyd til kyrkjelyd. Stort sett er det slik at det i Sørfylket og i byane (med unntak av Haugesund) er sterk kultur for at kyrkjelydane har ei solid gjevarteneste. Her har prostia og kyrkjelydane i bispedømmet mykje å læra av kvarandre.

Samla sett viser dei stigande tala for ofringar og gjevarteneste m.a. det store engasjementet for barne- og ungdomsarbeid og anna kyrkjelydsarbeid som finst i bispedømmet.

#### *Måloppnåing for dei to delmåla*

Delmål 1 om å bidra til fornying av gudstenestelivet gjennom å fokusera på involvering og medarbeidarskap er delvis oppnådd.

Delmål 2 om fornying av gudstenesteforordningane er oppnådd. Alle 91 sokna i bispedømmet fekk hausten 2010 ny gudstenesteforordning som skal tas i bruk seinast 1. august 2011.

#### *Vurdering av måloppnåinga*

Tilstandsrapport for Den norske kyrkja 2010 peiker i fleire samanhengar på at gudstenestelivet i Stavanger bispedømme skil seg ut i forhold til andre bispedømme. Tilstandsrapporten byggjer på tal frå 2009. Vi vil der det er mogleg også supplera med tal frå årsstatistikken for 2010.

Tilstandsrapporten slår fast at Stavanger bispedømme har høgast gjennomsnittleg deltakartal (121) og høgast tal på kyrkjebesøk pr medlem pr år (2,2). Desse tala har truleg nær samanheng med at det, slik Tilstandsrapporten uttrykkjer det, er høg deltaking av dedikerte, aktive kyrkjegjengarar i vår landsdel. Sidan gudstenestebesøket viser stor stabilitet over tid, har kulturen mykje å seia for resultatet. Kulturen er likevel bare den føresetnaden kyrkjelydane arbeider ut frå.

Gudstenestelivet i Stavanger bispedømme er mangfaldig. Her finst heile spekteret frå kyrkjelydar som oftast feirar tradisjonelle høgmesser til dei som nyttar ein lokalt utvikla liturgi. Gudstenesteforma i kyrkjelydane i bispedømmet kan truleg grupperast slik:



*Døypefonten i Tananger kirke*

1. Kyrkjelydar som normalt har tradisjonelle høgmesser og enkelte familiegudstenester, begge etter liturgiane i Gudstenesteboka.
2. Kyrkjelydar som har relativt tradisjonelle gudstenester, men med lokal fleksibilitet, i nokre tilfelle med innslag frå gudstenestereforma (Forsøk 2008).
3. Kyrkjelydar som har relativt tradisjonelle gudstenester, men med lokal fleksibilitet, inklusiv nattverdfeiring etter innleiingsdelen av omsyn til barnas si deltaking i nattverdfeiringa.
4. Kyrkjelydar som har eigen, lokalt utvikla liturgi. Desse kyrkjelydane har også oftast nattverd etter innleiingsdelen.
5. Forsøkskyrkjelydar som vedtok å vera aktive i gudstenestereforma ved å prøva ut heile eller delar av liturgien og salmestoffet i Forsøk 2008. Desse kyrkjelydane brukar i større eller mindre grad denne prøveliturgien framleis.

Tilstandsrapporten har ei oversikt over dei ti kyrkjelydane i landet med høgast gjennomsnittleg gudstenestedeltaking søndagar og helgedagar i 2009. Av desse ti ligg fire i vårt bispedømme. Det er i tillegg naturleg å ta med ByMenigheten-Sandnes i denne kategorien. Dei er ikkje eit geografisk sokn, og har truleg derfor ikkje kome inn i denne oversikta, sjølv om dei har like mange gudstenestedeltakarar.

Tabellen viser utviklinga i gudstenestedeltakinga i desse kyrkjelydane dei siste åra.

	2006	2007	2008	2009	2010
<i>Stavanger domkyrkje, Domprostiet</i>	299	320	267	301	227
<i>Frøyland og Orstad, Jæren prosti</i>	241	199	270	285	292
<i>Nærbø, Jæren prosti</i>	262	257	282	276	237
<i>Varhaug, Jæren prosti</i>	278	244	263	248	222
<i>ByMenigheten-Sandnes, Sandnes prosti</i>		299	286	273	191

Åkra, Hinna og Gand har òg ei gudstenestedeltaking på over 200 i gjennomsnitt. For gudstenestene i Gand kyrkje er gjennomsnittet høgare, sidan årsstatistikken ikkje skil mellom gudstenestene i Gand kyrkje og Julebygda kapell, som er ein eigen gudstenestestad i same sokn. (Dette er ei systematisk, konsekvensrik og alvorleg feilkjelde ved måten årsstatistikken er sett opp på, som gjer det vanskeleg å samanlikna kyrkjelydar og bruka tala.)



*“Safari Break” frå Frøyland og Orstad kyrkjelyd opnar medarbeiderdagen*

Det er interessant at desse kyrkjelydane er svært forskjellige. Nokre eksempel: Domkyrkja satsar på ei klassisk gudsteneste gjennomsyra av kunstnarisk kvalitet. Frøyland og Orstad brukar nyare lovsong og har satsa stort på frivillig teneste i samband med gudstenestene. Nærbø er trusopplæringskyrkjelyd og har ein søndagsskule som eit stort samlingspunkt i samband med gudstenestene. Vi ser at forskjellige gudstenester trekkjer mange menneske.

Deltakinga i desse kyrkjelydane viser relativt stor variasjon frå år til år, utan at vi ser eit tydeleg mønster. Dette *kan* ha samanheng med storleiken på fellesskapa. Det at bispedømmet har fleire kyrkjelydar som har så mange gudstenestedeltakarar og som trass alt har ei relativt stabil deltaking over tid, gjer at Stavanger bispedømme får høge tal i den nasjonale gudsteneste-statistikken.

I tillegg til at vi har mange store gudstenestefellesskap i bispedømmet, har vi også mange kyrkjelydar som har svært god oppslutning om gudstenestelivet blant medlemmane. Det er eit kjent trekk ved gudstenestelivet at dess mindre soknet er, dess betre er den prosentvise oppslutninga om gudstenestene. 21 av 91 sokn (23%) i Stavanger bispedømme har ei gjennomsnittleg gudstenestedeltaking på søn- og



helgedagar på 10-25 % av medlemsmassen. Dette er likevel relativt små kyrkjelydar i medlemstal; totalt utgjør 4 % av medlemmene i bispedømmet.

Samanlikning av kyrkjelydar med kyrkjelydar av liknande storleik i same region kan gje ein viktig peikepinn på kva kyrkjelydar som over tid har skapt ein aktiv gudstenestekultur. Den følgjande tabellen er eit resultat av eit slik samanlikning, der ein har sett på kyrkjelydar som har høg gudstenestedeltaking samanlikna med kyrkjelydar av liknande storleik:

<i>Sokn</i>	<i>Frammøte</i>	<i>Medl.</i>	<i>Prosent frammøtte</i>
<i>Nærbø</i>	237	6 745	3,52 %
<i>Varhaug</i>	222	5 447	4,08 %
<i>Domkirken</i>	227	5 249	4,33 %
<i>Frøyland og Orstad</i>	292	4 103	7,11 %
<i>Tysvær</i>	148	2 105	7,01 %
<i>Skjold</i>	154	1 285	11,97 %
<i>Undheim</i>	141	1 050	13,43 %
<i>Fister</i>	101	431	23,45 %
<i>Bymenigheten</i>	191	309	61,96 %
<i>Utsira</i>	51	187	27,32 %

Mange av dei kyrkjelydane som me har nemnt tidlegare finst òg her. Det er sterk gudstenestetradisjon på Jæren, med godt samarbeid mellom kyrkje- og organisasjonsliv. Fire av desse kyrkjelydane ligg i Jæren prosti. Domkyrkja, Frøyland og Orstad og Bymenigheten er kyrkjelydar med særpreg. Tysvær, Undheim og Fister viser seg som lokalsamfunn der kyrkja står sterkt.

Når ein skal sjå etter kva som kan forklara vekst eller god gudstenestedeltaking, kan det vera interessant å sjå på kva endringar i det lokale kyrkjelivet fører med seg. I denne årsrapporten vil me sjå på fire slike endringar:

1. Nye kyrkjebygg
2. Nye gudstenestefellesskap utan kyrkjebygg
3. Barna sin plass i gudstenestefellesskapet
4. Involvering av uløna medarbeidarar i gudstenestelivet

## 1. Nye kyrkjebygg

Det har dei siste åra vore ei omfattande bygging av nye kyrkjebygg i Stavanger bispedømme. Dette gjeld både bygg som erstattar tidlegare kyrkjebygg og bygg der det ikkje har vore kyrkje tidlegare. Det viser seg at tida under og etter ei kyrkjebygging er ein periode då mange menneske involverer seg i kyrkjelyden sitt liv. Talet på nye kyrkjebygg i bispedømmet er høgt og det er såleis naturleg å tenkja at dette totalt sett gjev ei vesentleg høgare gudstenestedeltaking enn om desse kyrkjebygga ikkje var bygde.

Tabellen under viser eit eksempel frå Vedavågen i Åkra sokn, Karmøy prosti. Vedavågen er ein del av Åkra sokn, 6 km frå hovudkyrkja. Her har det ikkje tidlegare vore kyrkje, men det har vore feira regelmessige gudstenester i bygda i fleire år. Vedavågen kyrkje blei vigsla 20.12.2009. Tabellen viser utviklinga i gudstenestedeltakinga i denne delen av Åkra sokn dei siste tre åra. Talet for 2009 inkluderer ikkje vigslings- og julegudstenesta.

	2008	2009	2010
Gjennomsnittleg deltaking på gudstenestene i Vedavågen	105	94	247

Me ser her at det nye kyrkjebygget har hatt sterk, positiv verknad på gudstenestedeltakinga. Det gjeld ei bygd som naturleg er ei eiga geografisk eining. Her kom det eit nytt samlingspunkt som mobiliserer og skapar engasjement og når bygget kjem, viser det at behovet for det har vore til stades.

Fleire stader i bispedømmet ser me klart at nye lokalsamfunn eller etablerte lokalsamfunn har behov for eigne kyrkjer og kyrkjelydar. Dei nye gudstenestefellesskapa og kyrkjene utløyser engasjement. Å sørgja for at alle lokalsamfunn av ein viss storleik har eiga kyrkje og kyrkjelyd er etter vår vurdering noko av det mest strategiske kyrkja kan satsa på. Dette viser tal som ovafor, men også dei erfaringane me har frå små lokalsamfunn, der kyrkja når breitt ut i befolkninga. Dei store einingane klarer ikkje samla prosentvis like mange.

## 2. Nye gudstenestefellesskap utan kyrkjebygg

Det har dei seinare åra skjedd ei knoppskyting av nye kyrkjelydar og gudstenestefellesskap med utgangspunkt i eksisterande sokn, utan at det førebels er planlagt å byggja nye kyrkjebygg. Dette er oftast grunngjeve i at kyrkjelyden ønskjer eit

lokalt forankra gudstenesteliv i nye bustadområde. Det viser seg at dette i dei fleste tilfelle skjer utan at morkyrkjelyden blir svekka.

Satsinga på eit gudstenestefellesskap på Rosseland i Bryne kyrkjelyd, Jæren prosti, kan tena som eksempel her. Soknerådet ønskte å møte den sterke veksten på Bryne med å etablera eit kyrkjeleg nærvere i lokalmiljøet i den delen av byen som ligg lengst frå kyrkjebygget. Frå 2006 har ein halde jamlege gudstenester på Rosseland skule, med barnefamiliar som særskilt målgruppe. Førebels er målet å ha ei gudsteneste i månaden. Tabellen viser deltakinga ved hovudgudstenestene i Bryne kyrkje og ved gudstenestene på Rosseland dei siste åra.

	2007	2008	2009	2010
Gjennomsnittleg deltaking på hovudgudstenester i Bryne kyrkje	209	219	207	197
Gjennomsnittleg deltaking på gudstenester på Rosseland	87	104	78	126

Dei to talrekkjene kan ikkje samanliknast direkte då tala for kyrkja gjeld eit regelmessig gudstenesteliv kvar veke og tala for Rosseland i 2010 gjeld åtte gudstenester. Men tabellen gir eit interessant innblikk i korleis eit supplement til det tradisjonelle gudstenestelivet i eit sokn kan veksa fram og få eit stort omfang. Ein stor del av gudstenestedeltakarane på Rosseland er barn. Det er også interessant at det i den same perioden har vakse fram eit stort gudstenestefellesskap på bedehuset i Bryne sentrum.

Det relativt låge deltakartalet på Rosseland i 2009 (og 1. halvår 2010) blir forklart med at ein dette året måtte ha gudstenester i eit dårlegare lokale, då skulen var stengt pga rehabilitering. Etter at gudstenestene har flytta tilbake til skulen, har deltakinga auka kraftig. Hausten 2010 var det gjennomsnittleg 151 deltakarar på gudstenestene på Rosseland.

I den aktuelle perioden har medlemstalet i Bryne sokn auka, først og fremst pga tilflytting. Deltakartalet på hovudgudstenestene i kyrkja har samtidig gått noko ned. Det er ikkje kjent om dette har samanheng med gudstenestene på Rosseland. Den lokale kyrkjelyden ser ikkje nokon samanheng her. Det er derimot mogleg å seia at det nystarta gudstenestefellesskapet samla sett har ført til vesentleg høgare deltaking i gudstenestelivet i Bryne sokn. Det siste året før ein byrja med gudstenester på Rosseland (2005), var det gjennomsnittleg 220 deltakarar på hovudgudstenestene i Bryne kyrkje.

### 3. Barna sin plass i gudstenestefellesskapet

Mange kyrkjelydar i Stavanger bispedømme har arbeidd grundig med å leggja vekt på barna sin plass i gudstenestefellesskapet. Fleire kyrkjelydar har gode erfaringar med å feira nattverd tidleg i gudstenesta (før preika) for å sikra at barna får delta i nattverden og likevel kunna ha ei godt tilrettelagt barnesamling under den siste delen av gudstenesta. Enda fleire kyrkjelydar markerer barna sin plass i fellesskapet ved å ha ei innleiing til barnesamlinga (søndagsskulen) mens heile kyrkjelyden er samla, f eks før salmen før preika.



Dette vert gjort på ulike måtar. Erfaringa viser at det betyr mykje at innleiinga til barnesamlinga skapar gjenkjenning, glede og forventning.

Ræge kyrkjelyd i Tungenes prosti kan tena som eksempel på ein kyrkjelyd som har satsa spesielt på dette feltet. Dei nyttar omgrepet "barnemenigheten" om

fellesskapet som er skapt for barna i samband med hovudgudstenesta.

	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Gjennomsnittleg gudstenestedeltaking i Ræge kyrkjelyd	105	126	124	130	153	156

Tabellen viser at gudstenestedeltakinga har gått markert opp dei siste åra, ei utvikling som kyrkjelyden i stor grad forklarar med satsinga på barna. Lokalt legg ein her stor vekt på høvet kyrkjelyden har fått til å feira nattverd tidleg i gudstenesta, før barna held fram med gudstenesta i "barnemenigheten". Det må også nemnast at kyrkjelyden fekk nytt kyrkjebygg i 2009.

### 4. Involvering av uløna medarbeidarar i gudstenestelivet

Tilstandsrapporten viser at Stavanger bispedømme har høgast tal uløna medarbeidarar (4.618 personar) i gudstenestelivet. Vi meiner dette genererer større deltaking og breiare

engasjement for gudstenesta i kyrkjelydane. Dette korresponderer godt med utviklinga i gudstenestereforma, der nettopp *involvering* er ein sentral kjerneverdi. Vi trur vi har mykje å vinna ved å arbeida vidare med korleis involvering av uløna medarbeidarar med ulik alder og bakgrunn kan utviklast i gudstenestelivet i kyrkjelydane våre.

*Vurdering av måloppnåinga for delmålet: Vi vil bidra til fornying av gudstenestelivet gjennom å fokusera på involvering og medarbeidarskap*

Våren 2010 blei det gjennomført soknerådskurs del 2 i alle prosti. I alle kursa blei det lagt vekt på samanhengen mellom gudstenestelivet og trusopplæringa, og dermed om involvering av barn og unge i gudstenestene. Gjennom denne kursrunden nådde vi representantar frå tilnærma alle sokneråda.

Vi har tilbode kyrkjelydane ein ny runde med prostivise samlingar for gudstenesteutvala med spesiell vekt på involvering og medarbeidarskap. Dette var ei oppfølging av kursrunden vi hadde for gudstenesteutval i 2009. Det har vore god interesse for desse kursa, men planleggingsfasen tok lenger tid enn tenkt. Vi fekk gjennomført samling i eitt av prostia hausten 2010 og gjorde avtale om samlingar vinteren 2011 i tre andre prosti.

Vi har via nettsida vår utfordra alle kyrkjelydane til å arbeida særskilt med involvering



*Ungdomsrådet*

av ulike medarbeidarar i gudstenestelivet mens vi ventar på at reforma blir endeleg vedtatt i 2011. Vi har også på ulike kurs og samlingar lagt vekt på tydinga av involvering og medarbeidarskap i gudstenestelivet.

*Vurdering av måloppnåinga for delmålet: Vi vil fornya arbeidet med gudstenesteforordningar i lys av kyrkjelydane sine behov og fridagsavtalen til presteskapet*

Stavanger biskop har lagt stor vekt på å gje kyrkjelydane nye gudstenesteforordningar som er oppdatert i forhold til kyrkjelydane sine behov og dei presteressursane som er til disposisjon i prostia. Vi hadde over tid opplevd at det var eit presserande behov for ein samla gjennomgang av forordningane.

Vi la opp til ein grundig prosess der impliserte partar fekk koma med innspel. Prinsippa for revisjonen blei først drøfta i prostemøtet og i kontaktmøta med Presteforeninga og Kyrkjeverjelaget. Deretter blei eit forslag til nye forordningar sendt til høyring til alle sokneråd og fellesråd. Vi fekk eit positivt inntrykk av kyrkjelydane sitt engasjement for gudstenestelivet og fekk mange gode høyringssvar som var til nytte i utarbeidinga av den endelege forordninga.

Nokre stadar blei gudstenesteforordninga auka, andre stadar noko redusert. Totalt sett blei gudstenestetalet i bispedømmet tatt ned med 97 gudstenester. Det reelle talet er



likevel lågare, då fleire kyrkjelydar i nokre år hadde hatt eit lågare gudstenestet enn forordninga viste, særleg om sommaren.

Vi gjer merksam på at endringane i ressursbruken er noko større enn kva tala viser. Dette heng saman med at biskopen gjennom revisjonen i større grad enn tidlegare har forordna gudstenester i nye kyrkjelydar. Dette er gjort fordi vi ser at utviklinga av dei mange nye gudstenestefellesskapa i bispedømmet er ein integrert del av verksemda vår og at det er strategisk rett å satsa på nærvere i lokalmiljøa der folk bur.

Vi har nå forma forordningane som ei samla prostivis forordning. Dette som ein konsekvens av den nye organiseringa av prestenesta.

#### *d. Endringar i strategiar og tiltak*

Stavanger bispedømmeråd har vedtatt ny strategi for perioden 2011-2014. Den har på dette satsingsområdet følgjande formulering:

*Vi ønskjer kyrkjelydar med eit gudstenesteliv prega av lokal forankring, involvering og fleksibilitet.*

*Vi fokuserer på ny ordning for hovudgudstenesta, livsnær forkynning av evangeliet, barn og unge i gudstenesta.*

Målsetjinga for 2011 er at vi vil spela ei aktiv rolle i utviklinga av gudstenestelivet ved å markera startskotet for ny ordning for hovudgudstenesta første søndag i advent (27. november) og leggja grunnlaget for god opplæring av løna og uløna medarbeidarar i 2011 og 2012.

2011 blir eit viktig år når det gjeld implementering av gudstenestereforma. Vi vil delta i det nasjonale kompetansehevande kurset for team av prestar og kantorar som kan vera kurshaldarar og endringsagentar i prostia. Dei prestane og kantorane som deltar på dette kurset, vil bli ein viktig ressurs i implementeringa i kyrkjelydane. Samtidig med at vi på denne måten får ein ny ressurs i dette arbeidet, gjer vi den tverrfaglege ressursgruppa for gudstenestereforma som blei oppretta i 2009, om til ei referansegruppe som følgjer implementeringa ut 2012.

Vi vil leggja til rette for at ti kyrkjelydar får godkjent lokal grunnordning hausten 2011 slik at dei kan innføra ny ordning frå 1. søndag i advent 2011. Samtidig ønskjer vi at startskotet blir markert i alle kyrkjer i bispedømmet denne søndagen.

## 2.7 Misjon og økumenikk

### Resultatmål

Målet for 2010:

Vi skal arbeide for at den misjonale dimensjonen held fram med å prega kyrkjelydane i bispedømmet. Dette gjeld deira lokale så vel som globale fokus, ved at kyrkjelydane i heile sitt mangfald og heile sin bredde deler trua gjennom nærvere, handling, ord og bøn.

Dei 3 delmåla har vore at

- minst 50 % av kyrkjelydane som manglar tidsavgrensing knytt til sine misjonsavtalar, blir utfordra til tidsavgrensing
- minst 50% av kyrkjelydane sitt ungdomsarbeid som ikkje har misjonsprosjekt, blir utfordra til å oppretta dette
- kyrkjelydane som er inne i trusopplæringsreforma blir utfordra til å inkludera misjonsstoff i sine lokale planar.

### Måloppnåing

*Tidsavgrensing:* Utfordring om tidsavgrensing er frå misjonskonsulenten si side gjeven for 16 av dei 53 aktuelle avtalane. Målet er delvis oppnådd.

*Ungdomsarbeid:* Det er 45 kyrkjelydar i bispedømmet som har ungdomsarbeid som ligg under soknerådet. Det har ikkje vore kapasitet til å kartleggja kor mange av desse som har eige misjonsprosjekt eller har ein tydelig tilknytning til kyrkjelydens misjonsprosjekt. Ungdomsarbeidet i 5 kyrkjelydar blei utfordra på dette i 2010. Målet er ikkje oppnådd.

*Trusopplæring:* 6 programmer i Misjonsmenyen for trusopplæring er ferdige, og Misjonsmenyen har vore grundig presentert i ulike samanhengar. Målet er oppnådd.

### Vurdering av måloppnåinga

*Tidsavgrensing* i kyrkjelydane sine misjonsavtalar blir i dag lagt inn i alle nye avtalar, dersom ikkje kyrkjelydane har eit tydeleg uttrykt ønske om å ha løpande avtalar. Når det gjeld gamle avtalar som ikkje er tidsavgrensa, var det ved byrjinga av året 53 slike. Dei langt fleste av desse er avtalar knytt til Det Norske Misjonsselskap (NMS). Det viste



NMS ville gjera arbeidet med å oppfordra til tidsavgrensing gjennom sine områdeleiarar. Også Normisjon ville gjera dette sjølve. Dei har i løpet av hausten utfordra alle dei ti kyrkjelydane som var relevante for dei. Den Norske Israelsmisjon hadde 6 avtalar som ikkje var tidsavgrensa, og alle desse fekk brev i løpet av våren med utfordring om evaluering, fornying eller endring av avtalen. Dei tre andre organisasjonane i Samarbeidsråd for Menighet og Misjon (SMM) har ingen avtaler som ikkje er tidsavgrensa i Stavanger bispedømme.

*Ungdomsarbeid:* Det planlagde tiltaket for å nå dette delmålet, var å arrangera prostivise samlingar for ungdomsarbeid i 2 prosti i 2010. Jæren og Sandnes prosti blei peika ut då dette er to av prostia med mest ungdomsarbeid i kyrkjelydane. Det viste seg vanskeleg å samla ungdomsarbeidarane til slike samlingar. Vi la om planane og satsa heller på å samtala med ungdomsarbeidarane kvar for seg. Vi rakk då berre ungdomsarbeidarane i Jæren prosti.

### *Trusopplæring*

*Trusopplæring:* Det har vore eit omfattande arbeid å utarbeida gode programpakker for trusopplæringa. Vi har greidd å ferdigstilla seks programpakker, éin frå kvar av organisasjonane i SMM. Denne "menyen" er godt marknadsført for prostane, kyrkjelege medarbeidarar og for kyrkjelydane i bispedømmet. I tillegg er misjonsmenyen gjort kjent på eit eige seminar på Trusopplæringskonferansen på Lillestrøm.

## **Endringar i strategiar og tiltak**

*Misjonsavtalane:* Vi vil i 2011 møta presteskapet prostivis for å samtala om kva prestane kan gjera for å styrkja verdien av misjonsavtalane i kyrkjelydane.

*Ungdomsarbeid:* Strategien blei her endra i løpet av 2010 og vi vil i 2011 vidareføra arbeidet med individuelle besøk.

*Trusopplæring:* Vi vil i det vidare arbeidet med å utarbeida program til misjonsmenyen leggja meir vekt på at programma har breiddeappell og på at dei opnar for fleksibel bruk.



## 2.8 Medarbeidarskap

### Resultatmål

Vi skal arbeide for å ha motiverte og kompetente lønnede og ulønnede medarbeidere på alle nivå i bispedømmet.

### Måloppnåing

Vi har gjennomført medarbeidardag for alle kyrjeleg tilsette i bispedømmet, kurs for nye sokneråd og samling for leiarar av sokneråd og kyrkjelege fellesråd. Samlinga for nytilsette vart flytta frå hausten 2010 til våren 2011. Det har vore ein jamn dialog med kyrkjevevjene om samordning av kurs og fagdagar.

### Vurdering av måloppnåinga

Med unntak av samlinga for nytilsette som vart utsett, har vi nådd måla våre

### Endringar i strategiar og tiltak

Vi ser ikkje at vi treng endre tiltaka våre på dette området.

## Del 3. Presteskapet

### 3.1 Hovudmålsetjing

Resultatmål	Bevilgningene til prestetjenesten har som mål at alle menigheter i Den norske kirke skal ha fast geistlig betjening, slik at tjenesten er nærværende i alle lokalsamfunn. Alle sokn skal være betjent av en eller flere prester.
Styringsparametere	a. Prestedekning b. Rekruttering
Resultatindikatorer	a. Gjennomsnittlig antall kirkemedlemmer pr prestestilling b. Antall ubesatte prestestillinger i bispedømmet

	c. Antall nytilsatte prester, eksklusiv overgang fra annen prestestilling
	d. Antall prester som har fratrudd stillinger før fylte 67 år, eksklusiv overgang til annen prestestilling

## Måloppnåing

I Stavanger bispedømme har vi i 2010 gjennomført eit målretta arbeid med presteressurar (utrekning og fordeling) med sikte på ei mest mogleg rettferdig arbeidsbelastning for prestane våre. I dette arbeidet har medlemstalet i sokna vært eit av fleire viktige kriterium. Arbeidet har ført fram til vedtak i bispedømmerådet om at fire prosti (Domprostiet, Ytre Stavanger, Karmøy og Haugesund) må gje frå seg presteressursar, medan andre prosti treng tilføring av ressursar. Som etatsstatistikken syner, har vi i 2010 redusert talet på årsverk med 3. Fleire blir fjerna i 2011.

Stavanger bispedømme har 342.504 medlemmer (pr. 07.10.10). Fordelt på årsverk gir dette eit snitt på 3.495 medlemmer pr. prest, ein auke på 99 medlemmer frå året før, og vi har dermed eit høgt medlemstal pr. prest.

Vi erfarer at Stavanger bispedømme gjennomgåande får godt med søkjarar til utlyste stillingar (i snitt 8), og vi trong ikkje lysa ut ledige stillingar meir enn ein gong. Vi ser at utlyste stillingar rekrutterer søkjarar frå alle aldersgrupper, og sjølv om bispedømmerådet har vedtatt at ein skal tilsetje kvinner og yngre søkjarar, har vi i 2010 ikkje kome nokon veg med tilsetjing av fleire kvinner.

Dei tre som blei tilsett i 2010, var alle i presteteneste i bispedømmet frå før.

Sju prestar slutta i stillinga si. Tre av dei gjekk av før 67 år (AFP, heil eller delvis).  
*Tilsettingar 2010 (2009 i parentes)*

<i>Talet på søknader</i>	<i>Kvinner</i>	<i>Menn</i>	<i>Totalt</i>
<i>40 år el. yngre</i>	0 (2)	4 (12)	4 (14)
<i>41 – 55 år</i>	3 (3)	8 (7)	11 (10)
<i>56 år og eldre</i>	1 (2)	8 (13)	9 (15)
<b>Tilsette</b>	0	3	3 (10)

## Vurdering av måloppnåinga

Vi meiner å ha nådd målet m.o.t. prestedekning. Reduksjonen i talet på prestestillingar har gått føre seg etter grundig drøfting med arbeidstakarane og PF og med naudsynt informasjon til prostia. Motstand mot nedskjering har vært sterk. Vi har ingen udekte prestestillingar i bispedømmet.

## Endringar i strategi og tiltak

Vedtaka i bispedømmerådet kva gjeld nedtak og omfordeling av stillingar blir iverksett ved avgang og ved friviljug overgang frå eit sokn til eit anna innafor prostiet/tenestedistriktet.

Nye ressursar vil bli sett inn slik bispedømmerådet har vedtatt. Vedtaka byggjer på resultatata av bispedømmet sin ressursmodell. Ny ressurs skal i denne omgang nyttast til å avlaste eksisterande prestestillingar.



### 3.2 Lokal tilpassing

Resultatmål	Prestetjenesten skal være tilpasset lokale forhold og utfordringer
Styringsparametere	Tjenestefordeling
Resultatindikatorer	Andel menighetsprester som er gitt et spesialisert ansvarsområde innen prostiet
Egne delmål	Redusere bruken av bundne lønnsmidler for å øke de frie driftsmidlene til prestatjenesten. Omfordele bundne lønnsmidler iht vedtatt prioriteringsplan. En rettferdig fordeling av tjenester og arbeidsbelastning blant prestene. Minst 90 % av off. prestar registrerer spesialkompetanse i kompetansekartet eller ved eget skjema for oversikt og aktiv bruk i prostiene.

### Måloppnåing

Gjennom aktiv personaleiing v/prostane har vi lagt grunnlaget for ei jamnare fordeling av tenestene. Prostane har utarbeidd arbeidsplanar som gjeld for eit eller to kvartal om gongen. I desse arbeidsplanane legg ein tenesteveker m/bakvakt, beredskapsveker, fridagar/friveker (studieveker), REU-permisjonar m.v. Med dette er tenesta i stor grad blitt tilpassa den einskilde presten, men i det same arbeidet har ein tatt med kva behov dei ulike kyrkjelydane har for prestateneste. Vi har likevel ingen prest med spesialisert ansvarsområde innan prostia, men på einskilde område har nokre prestar blitt utfordra, t.d. leiing av retreat eller bruk av spesialkompetanse innan avgrensa fagfelt.

Som delmål har vi hatt ein restriktiv bruk av lønsmidlar, omfordeling av bundne lønsmidlar i tråd med prioriteringsplan og ein rettferdig fordeling av tenester og arbeidsbelastning blant prestane. Vi meiner vi har nådd dei måla vi hadde sett på desse områda.

Vi hadde òg som delmål at 90 % av prestane skulle registrere seg i kompetansekartet. Dette nådde vi ikkje heilt. Om lag 85 % av prestane har registrert seg.

### Vurdering av måloppnåinga

Bortsett frå punktet med spesialisert ansvarsområde, meiner vi måla er nådde i 2010.

Grunnen til dette er m.a. at ei partssamansett arbeidsgruppe gjorde et godt grunnlagsarbeid før vedtak i bispedømmerådet. Med konsekvensrekning og tabellar blei tilhøva synleggjort og behovet for endringar akseptert.

## Endringar i strategiar og tiltak

Gjennom prostane vil vi både setje i verk naudsynte endringar i disponering av presteressursane, syte for at arbeidet blir jamt fordelt og at spesialkompetanse blir etterspurd i prostia.

Vi tar sikte på å nå full oppslutning om kompetansekartet, m.a. ved at prostane gir pålegg om dette i sine samlingar med prestane.

## 3.3 Stimulering av prestane

Resultatmål	Prestene skal stimuleres til å utvikle kunnskaper, ferdigheter, holdninger og motivasjon for tjenesten
Styringsparameter	Etter- og videreutdanning
Resultatindikatorer	Gjennomsnittlig antall studiedager pr prest
Egne delmål	Min. 15 off. prester i etter- og videreutdanning i 2010. Revisjon av Kompetanseplanen for Stavanger bispedømme 2011-2013. Prestene involveres og deltar aktivt i innføring av trosopplæringsreformen i nye prostier. 70% av off. prester deltar i medarbeiderdagen 2010. 10 prostar og 10 off. prester i ABV.

## Måloppnåing

I Stavanger bispedømme har vi òg i 2010 opna for etter- og vidareutdanning, jamvel om dei økonomiske tilhøva har vært strame. Alle prestane har hatt studiedagar i 2010.

Vidare sette vi eit delmål på 15 off. prestar i etter- og vidareutdanning (REU) i 2010 og nådde målet med 15 off. prestar i (REU-)studiepermisjon i 2010.

Kompetanseutviklingsarbeidet er eit viktig felt, og som delmål hadde vi i 2010 revisjon av kompetanseplanen for Stavanger bispedømme. Dette arbeidet, som gjeld planen for 2011-2013, blei slutført og lagt fram for bispedømmerådet til endeleg vedtak.

I innføringa av trusopplæringsreformen arbeidde vi for at prestane skulle bli involverte og ta aktivt del. Målet for dette var ikkje talfesta, men vi kan ikkje seie oss nøgde med deltakinga frå prestane på dei kursa bispedømmerådet har gjennomført innan trusopplæring.

Kva gjeld medarbeidarsamlinga i 2010, tok 82 off. prestar del i den, og dermed blei delmålet (70 %) nådd.

Når det gjeld ABV, var delmålet 10 prostar og 10 off. prestar i vegleiing i 2010. Alle prostane er med i ei prostegruppe, og 17 off. prestar har vore med i til saman 6 ABV-grupper. Kvar av desse gruppene går i to år, og i 2010 fullførde 4 av gruppene, medan 2 nye starta opp. Målet er nådd.

Vi ønskjer fleire grupper, men hadde ikkje ressursar til det i 2010.

*Etterutdanning og arbeidsvegleiing 2010 (2009 i parentes, men vi manglar spesifikke opplysningar på kva studieopplegg dei søkte i 2009):*

<b>Studieperm m/løn</b>	<b>Kvinner</b>	<b>Menn</b>	<b>Totalt</b>
Talet på virkedagar	135 (95)	693 (770)	828 (865)
Søknader EVU via REU	2 (1)	11 (21)	13 (22)
Søknader til kurs	2 (-)	5 (-)	7 (-)
Kompetanserådet			
Søknader andre opplegg	0 (-)	6 (-)	6 (-)
Innvilga søknader totalt	1 (1)	6 (18)	7 (19)
Prestar i etterutdanning (REU)	2	17	19
2010			
ABV	4	23	27

## Vurdering av måloppnåinga

Som rapportert nådde vi dei fleste delmåla vi hadde sett oss i 2010. Prestane si deltaking i trusopplæringsarbeidet er vi ikkje nøgde med. Det er ein liten nedgang i talet på søknader til etterutdanning (REU) og arbeidsvegleiing.



*Slik ser Statens hus ut tidleg om morgonen.*

## Endringar i strategiar og tiltak

Vi ser ei utfordring i å leggje ennå betre til rette for etterutdanning/kompetanseauke blant prestane. Dels dreier det seg om å oppmode dei til å søkje om studiepermisjonar, dels har det med sjølve innhaldet i studieopplegga som vert lyst ut å gjere. Eit samarbeid med

Misjonshøgskulen kan komme til å materialisere seg i aktuelle studieopplegg.

Når det gjeld ABV, held vi fram med tverrfaglige og tidsavgrensa grupper. Ei viss fornying går føre seg i ny utdanning av arbeidsveglearar, og vi har behov for å auke tilfanget og bruken av veglearar i bispedømmet vårt.

### 3.4 Kvinner i prestenesta

Resultatmål	Det skal motiveres og legges til rette for at flere kvinner søker tjeneste som menighetsprester og innehar lederstillinger i kirken
Styringsparameter	Kvinneandel
Resultatindikatorer	Andel kvinner i faste prestestillinger
	Andel kvinner i stillinger som biskop og prost
Egne delmål	Stimulere flere kvinner til å søke stillinger i Stavanger bispedømme.

### Måloppnåing

Vi hadde tre utlysingar av prestestillingar i 2010. Til desse stillingane melde det seg 24 søkjarar total, derav 4 kvinner (til to av stillingane). Andelen kvinner var dermed 16 prosent, om lag det vi har av kvinner i off. prestestillingar (15 %). Bispedømmerådet (2) og regjering/departement (1) valde menn då dei tilsette. (Sjå elles pkt. 3.1).



## Vurdering av måloppnåinga

Som delmål har vi hatt "Stimulere flere kvinner til å søke", og vi har aktivt prøvd å få kvinner til å søkje alle dei tre stillingane. Trass i dette fekk vi ikkje auka søkjartilgangen av kvinner. At ingen kvinner blei tilsett, er ikkje i tråd med bispedømmet sin strategi.

## Endringar i strategiar og tiltak

For å auke talet på kvinner som søkjarar har vi gjennomført fakultetsvitjing der studentar har blitt orienterte om arbeidshøva i Stavanger bispedømme. I utlysingstekst har kvinner blitt oppfordra til å søkje, og vi har og tatt direkte kontakt for å få aktuelle kvinner som søkjarar. Vi vil halde fram med dette i 2011.

Av andre tiltak vil vi arbeide med å tilretteleggje rekrutteringsmateriell med kjønnspektiv.



*På rekrutteringsbesøk på  
leirleiarhelg*

## 3.5 Arbeidsvilkår

Resultatmål	Prestene skal sikres gode arbeidsvilkår
Styringsparameter	Arbeidsmiljø Arbeidstid
Resultatindikatorer	Gjennomsnittlig andel sykefravær Gjennomsnittlig antall feriedager som ikke er tatt ut pr. 30.11.10.
Egne delmål	Gjennomføring av vernerunder i alle prostier. Legge til rette for en organisering av prestatjenesten som tar bedre hensyn til livsfaseutfordringene. Ansattes behov for noen å snakke med om arbeidet, livssituasjon m.v. blir ivaretatt (utenom linja). Uavviklede ferie- og fridager: Max 200.

### Måloppnåing

For å få ein indikasjon på korleis prestane opplever arbeidstilhøva, gjennomfører vi årleg arbeidsplassundersøking. Undersøkinga viser små endringar frå år til år. Stort sett ligg svara mellom 4 og 5. Høgste score i 2010 fekk samarbeid med kollegaer (5,1), medan bustadrapporteringa kom ut med låg score (3,9), og med store skilnader. Det er eit press på buplikta i Stavanger bispedømme.

Talet på personar som rapporterer om arbeidsrelaterte helseplagar, har auka noko (frå 11 til 17), medan heile 35 arbeidstakarar melder at dei har vært på jobb medan dei burde ha vært sjukemelde. Desse tala synest å spegle ei vegring for å vere borte frå arbeidsplassen, m.a. av di det då blir ei belastning for kollega/kollegaer. Dette syner at prestane har stor lojalitet kva gjeld arbeidet deira, og at dei strekkjer seg langt for å gjennomføre planlagde oppgåver.

På bakgrunn av svara på arbeidsplassundersøkinga, skulle vi ha venta ei høg sjukefråvere, men statistikken viser at det er relativt lågt (under 3 % totalt), faktisk lågast i landet. Vi ser samstundes at vi har nokre få sjukefråvere som strekkjer seg over fleire månader.

Vernerundar har blitt gjennomført i nokre av prostia/verneområda. Der verneombod, prost og fellesrådsrepresentant har gått saman om dette, har rundane fungert godt.

Eit proaktivt arbeid med omsyn til livsfaseutfordringar har stått på programmet. Det har vi ikkje fått gjort mykje med i 2010, og det høyrer dermed til strategi og tiltak i 2011.

Behovet for samtale og sjelesorg blir i stor grad tatt hand om på Stavanger bispedømme sitt samtalesenter. I 2010 har dei til saman hatt 494 samtaler ved senteret, fordelt på 12 par og 58 enkeltpersonar. Det er tre erfarne seniorar som har ein samtaledag i veka i Stavanger, i tillegg ein samtaledag i månaden i Haugesund.

Vi har og hatt som mål at talet på overførde feriedagar ikkje skulle bli for høgt, og med ca. 170 feriedagar til rest (1,7 pr. prest, lågast i landet), kan vi seie oss nøgde.

## Vurdering av måloppnåinga

Signala frå prestane tyder på at det går føre seg eit jamt arbeid kva gjeld arbeidstilhøva. Framleis kan vi bli betre når det gjeld informasjon, oppfølging og buplikta. Prostane viser vilje og evne til kompetanseauke i arbeidet med arbeidsmiljøsaker.

Oppfølging av langtidssjukemelde er ei utfordring, og det feltet kan vi bli betre på.

Livsfaseutfordringane kom vi ikkje i mål med, og både feriedagar og fridagar representerer ei utfordring til god planlegging.

Samtalesenteret fungerer godt, med samtaletilbod både sør og nord i fylket.

## Endringar i strategiar og tiltak

Vi ser ikkje behov for å endre strategiar i dette arbeidet. Vi vil halde fram arbeidet med vernerundar og syte for at ordninga med bedriftshelseteneste blir utbygd. I samarbeid med arbeidstakarane vil vi setje mål for livsfasepolitikken i bispedømmet.

### 3.6 Leiing og samvirke

Resultatmål	Bispedømmerådet, biskopen og prostene skal sørge for god ledelse av prestetjenesten og tilrettelegge for et positivt samvirke mellom prestene, kirkens valgte organer og andre kirkelig tilsatte
Styringsparameter	Ledelse
Resultatindikatorer	Andel av prestene som har hatt medarbeidersamtale

Egne delmål	Styrke den tillitsvalgte ledelsen (MR- og FR-ledere). Stabsutvikling. Håndbok for prestetjenesten. Ett møte pr. halvår mellom BD og kirkevergelagets styre/kirkevergelaget. Jevnlige møter prost/kirkeverge. Utvikle lagspill mellom alle ansatte.
-------------	--

## Måloppnåing

Alle prostane våre har hatt medarbeidarsamtale hos biskopen. I tillegg til den årlege einesamtalen får prostane møte fagrådgevarar på ymse fagfelt og har dessutan ein eigen samtale om personal og økonomi i prostiet. Alle prestane (så nær som eitt prosti med samtalar i jan. 2011) har hatt medarbeidarsamtale med prosten (totalt: 96. I 2009: 78).  
 God måloppnåing.

Vi har gjort gode erfaringar i samarbeid med kyrkjeverjer/fellesråd om felles arrangement (t.d. medarbeidardag i juni 2010), og andre felles tiltak som stabsutvikling, kurs- og arrangementskalender, tverrfaglig arbeidsvegleiing m.m. Prostar og kyrkjeverjer har hatt jamlege møter.

Eitt prosti har gjennomført stabsutviklingsopplegg (Vågestykket) med tverrfagleg deltaking.

Arbeidet med handbok for prestetenesta er så godt som fullført (detaljar står att).



*Biskop og prostar på Fjelberg gamle prestegard*

## **Vurdering av måloppnåinga**

Medarbeidarsamtalane er godt innarbeidd i verksemda vår. Enkelte av prostane har og praktisert tenestesamtalar, dvs. samtalar med andre tilsette enn prestane når det gjeld t.d. arbeidet med gudstenester og kasualia.

Samarbeidet med kyrkjeverjene har halde fram på konstruktivt vis.

Opplegg med stabsutvikling/teambygging har blitt gjennomført i eitt prosti. Meldingane frå dette tyder på at opplegget har fungert godt, særleg i mindre grupper.

## **Endringar i strategiar og tiltak**

Etter gjennomføring av stabsutvikling i to prosti er det tid for å vurdere det vidare arbeidet på dette feltet. Ei slik vurdering vil vi ta i samråd med kyrkjeverjene/fellesråda.

I arbeidsvegleiing ser vi tydelegare enn før at vi er inne i eit generasjonsskifte. Av prestar tilsett av *bispedømmerådet* har vi ikkje mange vegleiarar att, og vi ser at det vil bli behov for fleire i nær framtid.

Handboka for prestenesta vil bli fullført med det fyrste.

## Del 4. Forvaltning

Resultatmål	Bispedømmets økonomiforvaltning skal følge økonomiregelverket for staten.
Eigne delmål	Våre brukarar skal oppleve at vi er tilgjengelege, serviceinnstilte og leverar tenester av høg fagleg kvalitet.

### Måloppnåing

#### *Tilskotsforvaltning*

Stavanger bispedømmeråd har forvalta følgjande tilskotsordningar i 2010:

- a) Tilskot til diakoni, undervisning og kyrkjemusikk  
Som tidlegare år blei det utbetalt tilskot til femten kateketstillingar fordelt på ni ulike fellestråd og til fjorten diakonstillingar fordelt på sju fellestråd, forutan fast tilskot til kyrkjemusikalsk verksemd i Domkyrkja i Stavanger. Eventuelle ledige midlar nyttast til enkelståande tiltak innanfor diakoni og undervisning.
- b) Tilskot til trusopplæring  
Tilskot er utbetalt til alle sokn i Haugesund prosti, Sandnes prosti og Tungenes prosti, i tillegg til kyrkjelydar i andre prosti med pågåande trusopplæringsprosjekt.
- c) Tilskot frå Opplysningsvesenets fond  
Totalt blei det søkt om kr 1,4 millionar i tilskot til ulike prosjekt. Fleire gode søknadar måtte avvisast fordi totalt tilskot til fordeling var på kr 569 000 i 2010.

#### *Disponering av tildelt budsjetttramme*

For å ha kontroll med forbruket og sikre at eventuelle korrigerande tiltak blir sette i verk tidsnok, er det etablert rutinar for månadleg kontroll av inntekter og kostnader mot budsjett. Prostar mottok månadlege rapportar på sine budsjettpostar. Bispedømmerådet skal etter kvart få kvartalsvis rekneskapsrapportering.

I løpet av året vedtek bispedømmerrådet reviderte budsjett. Det trengs stor innsats med å utarbeide gode prognosar for resten av året i samband med rapportering til FAD per 31.08., for å sikre at vi verken brukar meir eller mindre midlar enn vi rår over.

2010 har vore eit stramt år budsjettmessig, og fokus på budsjettoppfølgning har vore ekstra stort. For å sikre at prostane var innforstått med den økonomiske situasjonen, samt for å auke deira kompetanse på økonomiforvaltning, blei det i januar 2010 arrangert eit seminar for prostar og prostesekretærar. Her blei budsjett for presteskabet presentert. Vidare blei prostebudsjetta og rutinar innanfor økonomiområdet gjennomgått.



*Blid statsråd på opning av Statens hus i Rogaland.*

### *Offentlege innkjøp*

Regelverk for offentlege innkjøp er gjort kjent for alle tilsette ved kontoret. Ved bestilling av varer og tenester med ein verdi på over kr 100 000 innhentar vi tilbod frå fleire enn ein leverandør.

### *Miljøarbeid*

Stavanger bispedømmekontor er sertifisert Miljøfyrtårn. Vi har fått eit høgare medvit på miljøarbeid på kontoret innanfor energi, transport, avfall, arbeidsmiljø, innkjøp og materialbruk. Ved innkjøp nyttar vi aktivt GRIP sin innkjøpsguide for miljøeffektive innkjøp.

### *Etiske retningslinjer*

Hausten 2010 blei det utarbeida egne etiske retningslinjer for Stavanger bispedømme.

### *System for risikovurderingar*

I årsplanane våre ligg det inn risikovurderingar i høve til dei målsetjingane som er sette for verksemda. Årsplanen inneheld hovudmål, delmål og risikovurdering knytt til dei ulike områda for verksemda vår.

### *Utvikling av elektroniske tenester*

For å forenkle og effektivisere rutinar for innsending av reiserekningar, blei det bestemt at alle prosti skulle innføre ESS (elektronisk reiseregningssystem) i løpet av 2010.

### *Arbeid med å redusere sjukefråveret*

Det blei arbeidd systematisk med å redusere sjukefråveret i 2010.

## **Vurdering av måloppnåinga**

### *Tilskotsforvaltning*

Vi har sett til at tilskotsmottakarane rapporterar på bruken av fjorårets tilskot på ein tilfredsstillande måte, for å sikre at midlane nyttast i samsvar med intensjonane. Totalt disponibelt tilskotsbeløp blei utbetalt for alle dei ulike tilskotsorningane som bispedømmet forvaltar. Målsetjinga vurderast som oppnådd.

### *Disponering av tildelt budsjettramme*



Leiinga meiner å ha tilstrekkeleg oversikt over den økonomiske situasjonen til å sikre forsvarleg bruk av tildelte midlar. Dette blei stadfesta av det faktum at Stavanger bispedømme kom ut med tilnærma nullresultat både på administrasjonskapittelet og presteskapet i 2010. Men for å komme ut i balanse, har det blitt gjennomført til dels drastiske innsparingstiltak. Dette stadfestar etatsstatistikken for 2010, som viser at totale lønnsutgifter for presteskapet i Stavanger er redusert med hele 3,9 % samanlikna med 2009. Deler av nedgangen kan forklarast med at delte stillingar frå og med 2010 vert bokførte på oppdragskonti, mot at dei tidlegare blei ført på presteskapet med tilhørande refusjonsbeløp som inntekt. Men hovudforklaringa på nedgangen er eit betydelig kutt i vikarmidlar, stillingar har blitt halde vakante i minimum tre månader ved stillingsskifte og det er ikkje sett inn full vikar ved langtids sjukemeldingar.

Allereie i 2009 blei det klart at bispedømmet måtte ta grep for å sikre betre driftsbalanse på presteskapet, dersom ikkje statlege løyvingar auka betydeleg. For store midlar var bunden i faste lønnsutgifter, til å kunne oppnå budsjettbalanse og samtidig ha tilstrekkelege midlar til vikar ved sjukdom, kompetansetiltak og andre personaltiltak. Det blei sett i verk eit omfattande arbeid for å analysere ressursbruken i bispedømmet, med tanke på mulige omrokkingar og nedskjeringar. Dette arbeidet resulterte i at bispedømmerådet på sitt møte 03.06.10 vedtok å kutte talet på faste prestestillingar med 4,05. Frigjort ressurs skal omplasseras til sokn med underdekning på presteressurs, samt at ein betydeleg del skal nyttas til å auke budsjettpostane kurs- og kompetansetiltak samt auke vikarbudsjettet tilbake til nivået i 2008. Allereie frå 01.10.10 blei talet på stillingar i Domprostiet redusert med 1,4.



*Odd Hanssen Matre møter interesse når han fortel om liturgiske fargar og presteklede.*

For å styre ansvarleg har vi blitt tvungen til å gjennomføre kortsiktige innsparingstiltak som omtalt i 2010, og sette i verk ein prosess for permanent reduksjon i talet på prestestillingar for å skaffe forsvarlig budsjettbalanse på lengre sikt. Dette beklagar vi på det sterkaste. Vi har ved fleire ulike anledningar dokumentert overfor FAD at Stavanger bispedømme har behov for styrka presteressurs, heller enn ein reduksjon. Vi ser derfor i spenning fram til korrigerert tildelingsbrev for 2011.

Vi konkluderer med at det har vært tilfredsstillande budsjettstyring i løpet av 2010.

### *Avlønning av presteskapet*

Etatsstatistikken for 2010 viser at Stavanger bispedømme ligg godt an når det gjeld avlønning av prestar samanlikna med andre bispedømme. Vi har ikkje mål om å være lønnsleiande, men ønskjer at prestane skal ha konkurransedyktig lønn. Denne målsettinga er nådd. Vi er samtidig litt uroa for lønnsutviklinga til sokneprestar på 58 år og eldre. Vi meiner at denne aldersgruppa må prioriterast i kommande lønnsoppgjør. Det er viktig å sikre god lønnsutvikling for prestar med lang tenestetid for å behalde dyktige medarbeidarar over tid.

### *Offentlege innkjøp*

I forbindelse med innflytting i nye lokalar i Lagårdsveien 44 har Stavanger bispedømmeråd i 2010 hatt ein del innkjøp på over kr 100.000,-. Der fleire leverandørar har kunna tilby tenestene, er det innhenta fleire pristilbod i samsvar med regelverket. Det er laga protokollar på alle innkjøp over kr 100 000, eller skrive særleg grunngjeving dersom det ikkje er innhenta fleire enn eit tilbod.

### *Miljøarbeid*

Stavanger bispedømmeråd var den einaste etaten som var miljøfyrtårnsertifisert av dei etatane som skulle ha kontorlokale saman med oss i nye Statens Hus. Vi meiner at vår erfaring og kompetanse gav eit godt bidrag til at alle etatane, utanom ein, no er i ferd med å bli sertifisert som miljøfyrtårn.

### *Etiske retningslinjer*

Dei nye etiske retningslinjene er gjort kjent for alle tilsette ved bispedømmekontoret, og diskutert på allmøte. Vi vurderer at dette arbeidet har vore tilstrekkelig til å auke det etiske medvitnet mellom dei tilsette.

### *System for risikovurderingar*

Frå og med 2010 tok vi i bruk ein ny form for årsplan som inneheld hovudmål, og tiltak på kvart verksemdsområde. I tillegg er risikobilete kartlagt ved identifisering av kritiske suksessfaktorar og tilhøyrande vesentlege risikofaktorar. Sannsynlegheit og konsekvens av at tiltak ikkje blir sette i verk er vurdert. Erfaringar frå året som har gått, viser at dette er eit godt styringsverktøy for å sikre at vi har fokus på det vi har sett oss som mål, samtidig som vi har ein klarare forståing for kva som må til for å realisere planane våre. Vi er tilfreds med dette rammeverket og ønskjer å vidareføre bruken i årsplan for 2011. Vi konkluderer med at målsettinga om etablering av tilfredstillande system for risikovurderingar og målstyring er oppfylt.

### *Utvikling av elektroniske tenester*

I løpet av 2010 har vi innført ESS for alle prestane i bispedømmet. Reiserekningar blir no sende inn elektronisk til bispedømmeadministrasjonen, og vidare til utbetaling frå SSØ via lønssystemet. Dette sikrar raskare utbetalningar til prestane og reduserer papirbruken og talet på feilregistreringar betydeleg. I tillegg sparer vi porto ved at lønsslipper / reiseoppgjer nå hentas ut av den enkelte prest, i staden for at desse blir sende per post.

Stavanger bispedømme var det siste bispedømme i landet til å ta i bruk det nye reiserekningssystemet. Vi er derfor svært tilfreds med at vi er det bispedømmet som i løpet av året har oppnådd den høgste prosentvise delen av prestar som nyttar ESS. Leiinga og alle rådgivarane ved kontoret har i løpet av 2010 fått tilbod om mobiltelefon med muligheit for å synkronisere e-post, kalender og kontaktar med OVF-nett. Målet er at brukarane skal oppleve at vi er tilgjengelege og yter god service også når vi ikkje er på kontoret.

Frå og med 01.01.11 har vi innført nytt elektronisk planleggingsverktøy for prostane, "Prostemodulen" i datasystemet "Medarbeideren". Dette gjev prostane betre oversikt over prestane sin ferie og fritid, og gjev godt talmateriale til planlegging og rapportering.

Vi konkluderer med at målsetjinga om å ta i bruk nye elektroniske løysningar for å auke effektiviteten og betre servicen til brukarane våre er innfridd.

### *Arbeid med å redusere sjukefråveret*

2010 var eit år med stram økonomi og dermed avgrensa bruk av personalressursar (vikarar). Vi fekk signal om at prestar kunne kjenne seg slitne, men likevel viste dei stor vilje til sameint arbeidsinnsats og tok tenester for kvarandre innafor prostiet. Vi er nøgde med at prostane gjennomgåande viste stort ansvar og fann gode løysingar i leiing av prestetenesta, og arbeidstakarane viste stor lojalitet mot den personalpolitikken vi måtte følgje.

Vi skulle tru at dei ekstra utfordringane ville gi seg utslag i høgt sjukefråver. Punkt. 3.5 *Arbeidsvilkår* viser at vi kom ut med eit lågt sjukefråver i 2010 (under 3 %), dvs. på det som blei innrapportert av legemeldt eller eigenmeldt fråver. Arbeidsplassundersøkinga viser likevel at så mange som 35 prestar har vært på jobb medan dei burde ha vært sjukemelde, og vi kan frykte at det er ei viss underrapportering av sjukefråver.

Vi ser igjen at det er nokre få (4-5) lange sjukefråver som gir merkbare utslag på statistikken. Det viktigaste er likevel at vi ser personane bak tal og statistikk, og prostane har gjort mykje for å følgje opp dei langtidssjukemelde. Dialogmøte på fastsette tidspunkt har stort sett vært gjennomført, og prostane har og elles hatt kontakt med dei sjukemelde. Vi ser samstundes at vi kan bli flinkare til å fange opp dei som fell utanfor i sjukeperiodar, og det er ei utfordring å få innsyn i – og praktisere - det formelle

regelverket for sjukefråver, arbeidsklarleggjing og tilbakeføring til arbeidslivet. I dette arbeidet har vi hatt god hjelp av IA-kontakt og bedriftshelseteneste. Vi arbeider for å utvide tilbodet om bedriftshelsetenesta til fleire prosti.



*Stiftsdirektøren har fokusert mykje på personal- og økonomistyring dette året.*

### *Fremme likestilling*

Likestillingsarbeidet i presteskapet har vi gjort greie for under punkt 3.4. Ved bispedømmeadministrasjonen var det pr 31.12.2010 tilsett 9 menn og 9 kvinner. To av kvinnene er i delte stillingar. Det er ingen kvinner i leiande stillingar ved kontoret. Det har ikkje vore nødvendig med særskilte tiltak for å fremje likestilling i bispedømmeadministrasjonen.

### *Betre tilgjenge*

Stavanger biskop arbeider aktivt med å sikre universell utforming i samband med godkjenningssaker ved ombygging av eksisterande kyrkjebygg og i samband med bygging av nye kyrkjer.

Stavanger bispedømmekontor flytta ved årsskiftet 2010/11 inn i nye kontorlokale med universell utforming.

### *Bispedømmeadministrasjonen*

Andre halvdel av 2010 var prega av planlegging og gjennomføring av flytting av Stavanger bispedømmekontor frå Domkirkeplassen 2 til Statens Hus på Lagårdsveien 44. Hovuddelen av flytteprosessen vart gjennomført i desember 2010, og kontoret vart operativt i nye kontorlokale i januar 2011. Flytteprosessen har vore arbeidskrevjande, og har sett preg på arbeidssituasjonen i bispedømmeadministrasjonen.

## **Endringar i strategiar og tiltak**

I 2011 vil vi ha fokus på forenkling og forbetring av rutinar for fráværssrapportering. Erfaring frå 2010 viser at ikkje alt frávær blir registrert korrekt i SAP gjennom året. Vi forventar at planleggingsverktøyet som prostane no skal nytta, vil heve kvaliteten på rapporteringa.

Vi planlegg vidare å ta i bruk KID på utgåande fakturaer, for å forenkle arbeidet med registrering av innbetalningar og redusere talet på feilregistrerte innbetalningar.

For å sikre at vi oppnår gunstige prisar ved innkjøp, ønskjer vi å ta ein gjennomgang av avtalar gjennom KNIF, for om mulig å oppnå enda betre vilkår.

Frå og med februar 2011 vil vi gå over frå å bruke felleskalender i Outlook, til å bruke våre personlege kalender som kan synkroniserast med den enkelte sin mobiltelefon. Målet er at vi vil ha meir korrekt og oppdatert informasjon om kva alle gjer til ei kvar tid, fordi vi unngår dobbeltregistrering av avtaler i privat kalender og felleskalender. Ein annan vesentlig fordel er at vi kan ta i bruk funksjonen med å invitere deltakarar til møte i Outlook. Avtalane vil ved aksept leggest direkte inn i personleg kalender, og det er enkelt å få oversikt over tidsrom der alle deltakarane har ledig tid.

Dersom Opplysningsvesenets Fond tilbyr ny og meir brukarvennleg versjon av arkivsystemet Websak, ønskjer vi å ta dette i bruk i løpet av 2011.

## **Del 5. Sluttord: Med plog i god jord.....**

Visst er jorda av ymse slag her i Rogaland og. Men folk som bur her sør-vest i landet er vane med å stelle godt med den gode jorda og samstundes gå på med krum hals i arbeidet for å rydda nytt land. Entreprenørskap og dugnadsånd har prega kulturen. Det ein vil, det gjer ein. Utan alltid å spørja om kva som er rett formell veg å gå fram på. Fornyng er og eit særkjenne ved kulturen. Ikkje noko er for vanskeleg å få gjort nok med, om ein berre vil.

Slike trekk ved kulturen gjenspeglar seg og i kyrkje og organisasjonsliv – og vise versa.

Rogaland er eit tyngdepunkt m.o.t. verdiskaping i nasjonal samanheng. Den innsatsen som særleg skjer gjennom stor frivillig innsats i kyrkje og organisasjonsliv er uttrykk for den verdiskapinga som skjer på kyrkjemark. Utan denne vil vi ikkje lukkast med styrking av trusopplæringa og implementering av gudstenestereform.

Frivillig innsats utan innsats frå tilsette er utenkjeleg. Og i Rogaland. Vi vonar at signala i 2010 om ei naudsynt styrking av den offentlege presteressursen vert førd vidare dei næraste åra. Etterslepet av slik ressurs er merkbar og har gjeve stor slitasje for dei som alt står i tenesta. Vi tenkjer vel at staten framleis må styrkje prestetenesta i bispedømmet om vi skal ha ressursar tilsvarande det andre alt har fått. Folketilveksten i denne delen av landet, forsterkar behovet.

Stavanger bispedømme har vore – og vil framleis vera eit bispedømme som ønskjer å fremja eit misjonalt kyrkjesyn. Den nye biskopen har i sitt fyrste tenestear i bispedømmet formulert seg slik gjennom arbeidet med strategi for dei neste åra:

*Vi er sendt  
av den treeinge Gud  
for å dela evangeliet om Jesus Kristus i ord og handling.*

Som bispedømme vil vi rette blikket lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Det er den sterke tradisjonen i Rogaland. Det er den djupe jorda vi framleis har pløgen i som kyrkje her sør-vest.

Stavanger, den 28.02.2011

Erling J. Pettersen  
Stavanger biskop

Inger Kari Søyland  
Stavanger bispedømmeråd, leder

Åge Bognø  
Stiftsdirektør

## **Del 6. Vedlegg**

Etatsrapport 2010  
Kompetanseplan 2011-2013  
Rekneskapa for 2010  
Strategi 2011-2014